



DET KONGELIGE
MILJØVERNDEPARTEMENT

Fylkesmannen Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 Molde

03/4508	76
432.1	OLBE

Deres ref

Vår ref
200403055-/GEP

Dato - 8 OKT. 2004

Kongelig resolusjon av 8. oktober 2004 om opprettelse av Geiranger - Herdalen landskapsvernområde i Stranda og Norddal kommuner i Møre og Romsdal fylke

Regjeringen vedtok i statsråd i dag vern av Geiranger - Herdalen landskapsvernområde i Stranda og Norddal kommuner i Møre og Romsdal fylke.

Vi viser til vedlagte kopi av foredrag til kongelig resolusjon, verneforskrift og kart. Foredraget til kongelig resolusjon er offentlig.

Totalarealet er på 498,0 km².

Departementet ber fylkesmannen gjøre vedtaket kjent for fylkeskommunen, kommunene, grunneiere og andre lokale/regionale instanser/interessegrupper. Vedtaket skal meddeles alle som har hatt saken på lokal høring.

Vi ber om at vedtaket kunngjøres i lokalpressen, jf. vårt orienteringsbrev av 12.06.87. Departementet vil sende vedtaket til tinglysning på vedkommende gnr./bnr., sørge for kunngjøring i Norsk Lovtidend (avd. II, lokale og regionale forskrifter) og gjøre vedtaket kjent for sentrale høringsinstanser og Direktoratet for naturforvaltning.

Kommunene bes ta vare på verneforskrifter og kart slik at området blir innarbeidet i den løpende arealplanleggingen.

Grunneierne må gjøres kjent med reglene om erstatning i naturvernloven. Videre må fylkesmannen vise til St.prp. nr. 1 (2003 – 2004) for Miljøverndepartementet og brev av 20. januar 2004 fra Miljøverndepartementet, der det framgår at en eventuell innføring av

Postadresse

Kontoradresse

Telefon

Saksbehandler

22 24 90 90

gep

postmottak@md.dep.no

Org no.

Telefaks

www.miljo.no

972 417 882

ny erstatningsordning for nasjonalparker og landskapsvernområder vil gjelde for alle verneområder der fristen for å kreve erstatning ikke er gått ut 1. januar 2002. I disse tilfelle skal det gis fristutsettelse til 31. desember 2005, jf naturvernloven § 20 b. Fristutsettelsen gjelder dermed også for Geiranger - Herdalen landskapsvernområde.


Grunneiere og andre lokale instanser bør gjøres kjent med at dersom ikke annet er nevnt i verneforskriftene, gjelder viltloven og motorferdselsloven. Dette gjelder også fiske etter til enhver tid gjeldende regler, dersom dette ikke er i strid med ferdselsbestemmelsene.

Departementet ber fylkesmannen sørge for nødvendig merking, skilting og kartfesting ved ajourføring av økonomiske kartblad.

Eventuelle endringer i markslagsgrenser mot dyrket mark innenfor verneområdet bør kartfestes, dersom det har funnet sted endringer på det økonomiske kartgrunnlaget.

Fylkesmannen er gitt forvaltningsmyndighet inntil Direktoratet for naturforvaltning bestemmer noe annet.

Med hilsen



Harald S. Ruberg e.f.
avdelingsdirektør



Geir Paulsen
rådgiver

Vedlegg.

Kopi u/vedlegg: Direktoratet for naturforvaltning
Fylkeskommunen i Møre og Romsdal
Stranda og Norddal kommuner

Miljøverndepartementet
Miljøvernminister: Knut Arild Hareide

KGL. RES.
Ref.nr.:
Saksnr.:
Dato:

FRAMLEGG OM OPPRETNING AV GEIRANGER – HERDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE, STRANDA OG NORDDAL KOMMU- NAR I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Forslag

Miljøverndepartementet legg med dette fram si tilråding om oppretting av Geiranger – Herdalen landskapsvernområde i Norddal og Stranda kommunar i Møre og Romsdal fylke.

Framlegget omfattar eit totalareal på 498,0 km². Av dette er 46,0 km² sjøareal. Arealfordelinga på kommunane er:
313,4 km² (42,3 km² sjøareal) i Stranda kommune og
184,6 km² (3,7 km² sjøareal) i Norddal kommune.

Verneverdiar

Området omfattar dei særmerkte fjordane Geirangerfjorden og Sunnylvsvfjorden. Formålet er å ta vare på eit eigenarta og særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt og variert plante- og dyreliv. Føremålet med vernet er i tråd med føresetnadene i naturvernlovas § 5 for oppretting av landskapsvernområde. Området har viktige kulturlandskap, der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart. Geiranger – Herdalen er rik på særmerkte geologiske førekomstar og landskapsformer.

Det finns svært store landskapsmessige og biologiske variasjonar med eit rikt plante- og dyreliv over korte avstandar. Langs dei sørvendte liene veks varmekjære lauv-skogar med rikt dyreliv. Den spesielle sommarfuglarten mne-mosynesommarfugl har eitt av dei viktigaste leveområda sine her. Havørn og kongeørn hekkar i området. Dei fire vanlege hjorteviltartane finst òg her. Lengst aust har villreinen i Ottadalsområdet kalvingsområde.

Liene og fjella stig bratt frå fjordane og opp til over 1850 m.o.h., og dei inste delane av området har høg fjell med tindar, eggar og brear. Dei mange fossane og vassfalla gjev området eit særpreg.

Langs fjordane finn vi mange fråflytta gardar som utgjer eit heilt spesielt landskapselement. Hus og noko innmark vert halde vedlike, slik at ein har ein dokumentasjon på den gamle busetnaden og drifta. I Geiranger, Eidsdal, Herdalen og på Lie ved Stranda er det framleis aktiv landbruksdrift.

Området er i stor grad urørt av større tekniske inngrep. Det er eitt av dei fem vimarkeprega områda som ligg meir enn 5 km frå større tekniske inngrep i

fylket. Det er ikkje utført større vassdragsreguleringar her, og Norddalsvassdraget og mesteparten av Geirangelva er verna. Både området langs Geirangerfjorden og Herdalen er registrert som nasjonalt viktig kulturlandskap i den nasjonale registreringa av kulturlandskap på 1990-talet.

Konsekvenser for andre interesser

Landbruk og friluftsliv

Seterdrift, utmarksbeite, vedhogst, jakt, fiske og friluftsliv er døme på tradisjonell bruk som har sett sitt preg på området. Vernet vil virke positivt for dei fleste deltema, men kan virke negativt i forhold til t.d. ønske om treslagsskifte, hyttebygging, småkraftverk og nye driftsveggar. Landbruksdrifta kan halde fram som i dag.

Tekniske tiltak og vegar

Det er bygd riksveg gjennom området frå Eidsdal gjennom Geiranger til Oppland grense. Det er ført fram to større kraftliner langs delar av Tafjorden, og det er bygd mindre kraft- og telefonleidningar i området. Det er ikkje planar om nye større utbyggingar som vil kome i konflikt med vernet.

Bergverksdrift

Det vert drive utvinning av olivin i Raudbergvika nordvest for landskapsvenområdet. Dagens aktivitet kan halde fram som før, og det er mogleg med underjordisk drift inn i verneområdet. Dagbrot inne i verneområdet vil kunne vere i strid med verneføremålet.

Turisme

Geiranger er eit av Noregs mest kjente reisemål, og turismen er stadvis den viktigaste næringa. Turisttrafikken går både langs veg og kjem via cruiseskip. Naturen og landskapet vert framheva som det viktigaste motivet for at turistane vitjar området. Verneområdet er utforma slik at tradisjonell bruk og eksisterande utnytting av området skal kunne fortsette, samstundes som ein skal sikre området mot nye tekniske inngrep som endrar landskapet sin art og karakter vesentleg. Vernet får liten verknad for aktivitet og småskala gardsturisme, men kan gjere det vanskelegare å få løyve til anlegg og tilretteleggingstiltak inne i verneområdet. Ein framtidig verdsarvstatus vil verke svært positivt for reiselivet i området.

Akvakultur

Tradisjonelle akvakulturanlegg med merdar eller bøyestrekk for t.d. skjeldyrking i dei tronge fjordane Sunnylvsfjorden og Geirangerfjorden vil framstå som element som endrar landskapskarakteren. Slik aktivitet vil vere i strid med verneføremålet. Havbeite som ikkje kjem i konflikt med verneføremålet og som er i tråd med retningsliner i godkjent forvaltningsplan, er tillate. Eksisterande anlegg vil ikkje bli rørt av vernet.

Kommunedelplan for Geiranger

Stranda kommune er i gang med å utarbeide ein kommunedelplan for dei sentrumsnære områda i Geiranger. Denne skal utfylle verneplanen, sikre kulturlandskap og andre verneverdiar i Geirangerbygda.

Verdsarvsøknad

Det vert arbeidd med å få Geiranger-Herdalen inn på UNESCO si liste over verdas naturarv. Området er saman med Nærøyfjorden representantar for "Vestnorsk fjordlandskap". Søknad er sendt, og avgjerd er venta sommaren 2005. Nasjonalt vern som landskapsvernområde vil dekke eit krav som verdsarvkonvensjonen set om langsiktig sikring av dei kvalitetane som er grunnlag for verdsarvstatusen.

Sakshandsaming

Bakgrunn for verneplanarbeidet

Statens naturvernråd (SNR) foreslo i NOU 1986:13 å verne området som eit typeområde på eit fjordsystem med tilhøyrande varierte naturforhold. Hovudvassdraga Geirangelva og Norddalsvassdraget er av dei få urørde i regionen. Vidare peika SNR på den spesielle vegetasjonen med variasjon over kort avstand, frå strandområde via edellauvskogsområda, til karrige høgalpine samfunn. Landskapet er særleg verdfullt pga. dei mange fjordgardane som eit viktig element i kulturlandskapet. Villreinen i Ottadalsområdet, dei mange fossane og det spesielle landskapet med majestetiske fjelltoppar ved typiske vestlandsfjordar vart også tillagt stor vekt. SNR forslo at det vart etablert eit landskapsvernområde med nasjonalpark i dei austlege delane mellom Dalsnibba og Tafjord.

På grunnlag av NOU 1986:13 og høyringsfråsegnene til denne, utarbeida Regjeringa St.meld. nr. 62 (1991-92) der det vart slått fast at framlegget om å etablere eit landskapsvernområde i området skulle vidareførast.

Nasjonalparkmeldinga vart behandla i Stortinget 19.04.1993, og vedtaket innebar at Regjeringa fekk i oppdrag å vurdere vern etter naturvernlova for området.

Fylkesmannen kunngjorde oppstart av planarbeidet i brev av 30.01.2001 til aktuelle grunneigarar, offentlege etatar og lag/organisasjonar. Planområdet utgjorde eit totalareal på ca. 527 km².

Det vart oppretta ei felles, lokal referansegruppe for verneplanarbeidet i Norddal og Stranda kommunar. Referansegruppa har halde 10 møte og har hatt ein rådgjevande funksjon overfor fylkesmannen, fungert som kommunikasjonskanal mellom fylkesmannen og lokalsamfunnet, og hjelpt til med innhenting av grunnlagsmateriale. Gruppa var samansett av representantar vald av Norddal og Stranda kommunar, og Møre og Romsdal fylkeskommune. Utarbeidde fagrapportar, synfaringar og møte med partane, har saman med innspel frå referansegruppene, danna grunnlaget for fylkesmannen sitt forslag til verneplan.

KONSEKVENSENTGREIING

Det er utarbeidd ei konsekvensutgreiing av verknadane av vernet på ulike samfunnsinteresser etter plan- og bygningslova § 33-3. Utgreiinga er godkjent av DN.

Utgreiinga er delt opp i følgjande fire delutgreiingar.

- naturmiljø, kulturminne/kulturmiljø og friluftsliv
- motorferdsel i utmark, drift og vedlikehald m.v. av vegar, bergverksindustri i Raudbergvika og havbruk
- reiseliv og miljøbasert næringsutvikling
- landbruk

Konsekvensutgreiinga for landbruk er basert på Norges Bondelag/Møre og Romsdal Bondelag si utgreiing "Prosjekt landbruk og verneområder – Utgreiing om landbruksnæringa i samband med landskapsvernområdet Geiranger – Herdalen".

Det kjem fram i konsekvensutgreiinga at totalt sett er konsekvensane positive for verneverdiane, og på visse vilkår for landbruket og småskala reiseliv. Konsekvensane er negative for nye tekniske anlegg innan industri, havbruk og reiseliv. Dei største negative konsekvensane er for utviding av olivindrifta i Raudbergvika.

Merknader til konsekvensutgreiinga

Kulturminne og kulturmiljø

Fortidsminneforeninga, Sunnmøre saknar tankar om faste kulturminne som ikkje er freda.

Riksantikvaren etterlyser vurdering av kulturminne under vatn. Potensialet er stort for å finne kulturminne under vatn, samt på og nær knytt til setrar.

DN viser til fylkesmannen sin kommentar. Når det gjeld kulturminne kom det ikkje inn kommentarar til dette under meldinga. Direktoratet visar til at eit vern oftast er positivt for kulturminna då området vert halde fritt for andre inngrep, og restaurering av bygningar o a. kan skje. Ved vern etter naturvernlova er det i første rekke natur- og landskapsverdiane som vert registrert, men i samband med forvaltningsplanen vil ein kunne vurdere eventuelle nye og grundigare undersøkingar når det gjeld kulturminna.

Bergverksdrift i Raudbergvika

Bergindustriens fellessekretariat stiller seg undrande til den svært negative samla vurderinga av vernealternativet.

Fylkesmannen meiner at denne fråsegna må skuldast ei mistyding av metodikken i konsekvensutgreiinga. Det er verknaden på bergverksdrifta som er vurdert, og ikkje verdiane for vern eller samfunn generelt.

Fylkeslandbruksstyret vil ikkje tilrå at det vert gjennomført grenseendring som avbøtande tiltak i forhold til bergverksdrifta i Raudbergvika.

Norges Geologiske Undersøkelser meiner at konsekvensutgreiinga som er gjort for olivinressursane på langt nær er grundig nok til å ta avgjerdene i arealplanlegginga for området.

Fylkesmannen tilrådde at konsekvensutgreiinga skulle godkjennast. Utgreiinga har vist at det er moderate konflikhtar mellom vernet og dei ulike tema som er vurdert. Unntaket er bergverksdrifta i Raudbergvika. Her er det påvist store konflikhtar i høve til framtidig utviding. Samstundes kan eit dagbrot vere svært negativt i høve til landskapsbilete og førekomst av raudlistearten brunburkne. Det kan også vere uheldig for ein framtidig verdsarvstatus. Eit driftsalternativ med utviding via tunnel slik verneframlegget opnar for, vil ikkje ha slike ulemper. Høyringa har også påvist stor motstand mot dagbrot og vegar oppe på plataet bak Skrednakken.

Det bør ligge føre eit godt nok grunnlag for å foreta ei prinsipiell avklaring mellom vern og evt. dagbrot. Fylkesmannen merkar seg at det ikkje føreligg løyve eller avtalar om drift på Skrednakken, og at ein må vurdere tiltaket ut frå eit framtidig scenarium.

DN seier at det i konsekvensutgreiinga er påvist stor negativ verknad for bergverksdrifta. KU vart ferdigstilt i mars 2003, etter ein generell forskrift-smal for landskapsvernomåde. Den 10. april 2003 vart det halde eit møte mellom Industrimineraler AS, Bergvesenet, fylkesmannen i Møre og Romsdal og Direktoratet for naturforvaltning. Det vart og føreteke ei synfaring for å sjå på uttaksområdet i Raudbergvika. Etter dette møtet vart det gjort endringar i forslaget til verneforskrift. Her vart det opna for at det kan gis løyve til prøveboring og etablering av luftesjakter i samband med underjordisk drift med uttaksstad utanfor verneområdet. Med dette bør konflikten vere noko redusert, da det også vart signalisert at underjordisk drift kan vere mest aktuelt i området. Det er òg opna for at det kan gjennomførast prøveboring for å kartleggje førekomsten i Skrednakken.

Miljøverndepartementet oppfattar at konsekvensutgreiinga og høyringa av saka har fått fram all relevant informasjon. Det verneforslaget som no ligg føre, er ein konsekvens av ei avveging mellom ulike interesser. Departementet ser ikkje at konfliktnivået er slik at det vil skape problem for skipinga av landskapsvernområdet, og dermed for arbeidet med å få området inn på UNESCO si verdsarvliste.

Departementet vil streke under at det kan vere vanskeleg å talfeste eller å være heilt presis når det gjeld å dokumentere biologiske og landskapsmessige verdiar. Regjeringa har gjennom FN sitt toppmøte i Johannesburg om bærekraftig utvikling, slutta seg til at *føre-var* prinsippet skal gjelde. Det betyr mellom anna at i dei tilfeller der ein kan sannsynleggjere at naturfaglege verdiar finns, skal desse tas omsyn til sjølv om dei ikkje kan talfestast.

Kraftutbygging

Norges vassdrags- og energidirektorat meiner at konsekvensutgreiinga burde vurdere drift og vedlikehald av kraftlinene langs Tafjorden. Vidare burde ein vurdere forholdet mellom vern og mogeleg kraftutbygging i Oaldsvatnet og Svartevatnet i Eidsdal.

DN viser til at det ikkje kom inn merknader til temaet kraftutbygging under meldinga om konsekvensutgreiing. Temaet er omtala og vurdert i høyringsutkastet til verneplanen.

Miljøverndepartementet sluttar seg til DN si vurdering.

Avbøtande tiltak

Dei avbøtande tiltaka som vert føreslått gjennomført, gjenspeilast i forslaget til avgrensing og verneforskrift i foreslått landskapsvernområde. Grensene for landskapsvernområdet vart til høyringa flytta lenger opp i lia/langs fjelltoppane i Eidsdalen, og grensa langs Vesterås vert også etter høyringa lagt utanom garden. Det er òg gjort tilpassingar i forskrifta i høve til m.a. bergverksdrifta.

Miljøverndepartementet meiner konsekvensutgreiinga saman med føreliggande kunnskap og merknader framkome gjennom høyringa er tilfredstillande i høve til fastsett utgreiingsprogram og plan- og bygningslova sine krav til konsekvensutgreiingar. Det synest ikkje naudsynt med oppfølgjande undersøkingar.

Departementet konkluderer difor med at utgreiingsplikta er oppfylt, jf plan- og bygningslova § 33-6.

Vernealternativa

To alternative framlegg til vern har vore ute på høyring. Forskjellen mellom alternativa er at eit område på ca. 0,5 km² i Geiranger som m.a. omfatta tun og innmark på tre bruk på garden Vesterås var med i landskapsvernområdet i alternativ 1, medan det var halde utanfor i alternativ 2. Den føreliggande tilrådinga tilsvarar alternativ 2 der tuna og mesteparten av innmarka på Vesterås er teke ut av verneområdet. Saka har vore på lokal og sentral høyring samstundes.

Saka vart oversendt frå fylkesmannen til Direktoratet for naturforvaltning (DN) i desember 2003. Miljøverndepartementet mottok saka frå DN i februar 2004.

Sentrale endringar under planprosessen

Avgrensing

På bakgrunn av innspel, synfaringar og møte i samarbeidsgruppa har fylkesmannen gjort fleire endringar i avgrensinga under planprosessen. Det meste av dette er gjort før lokal høyring:

- Områda i Møllsbygda, Flydal, Ørjasæter og Oplendskedal i Geiranger vart teke ut av verneframlegget, og verneverdiane vart føresett sikra gjennom kommundelplanen for Geiranger.
- Eit område ved Ljøen og Ljøelva i Stranda vart teke ut pga. konflikhtar med framtidig minikraftverk.
- Under prosessen vart eit konkret areal i Raudbergvika i Norddal teke ut pga. konflikhtar mellom vern og bergverksdrift på olivin.

- Eit skogareal sør for garden Lie i Stranda vart teke ut pga. konflikt mellom vern og ein framtidig skogsveg, og grensa for landskapsvernområdet vart på bakgrunn av dette flytta sørover ved innløpet til Sunnylvsfjorden.
- I Eidsdal vart grensa flytta høgare opp i terrenget ved Svartvatnet og Oaldsvatnet, samt ved Blåhornet på Kilsti. Bakgrunnen for dette er lokale innspel om å etablere eit skitrekk vest for Eidsvatnet og ein turveg/køyreveg til toppen av Blåhornet.

Etter fredinga av Hyskjett naturreservat 27.06.2003 vart grensa for landskapsvernområdet trekt etter grensa for naturreservatet i sør, vest og nord. Desse endringane har redusert arealet frå 527 km² i meldingsfasen til å vere 498 km² i høyringsforslaget.

I tilrådinga, etter høyringane, er grensa trekt utanom garden Vesterås.

Verneforskrifta

Etter møte mellom Industrimineraler AS, Bergvesenet, fylkesmannen og DN 10.04. 2003 vart det føreslege ei endring for å gi heimel i verneforskrifta for å "etablere luftesjakter og liknande i landskapsvernområdet for underjordisk bergverksdrift med uttransport til område utanfor landskapsvernområdet".

Etter innspel frå reiselivsnæringa vart det laga ein heimel for å kunne tillate etablering av enkle brygger for i land- og ombordstiging i samband med besøk på fjordgardane.

Det er òg teke inn reglar tilpassa Kystverket sine anlegg.

Namn

Det er kome innspel på namnet slik at det er endra frå Geiranger-Herdal til *Geiranger-Herdalen landskapsvernområde*, då bunden form er vanleg i distriktet.

Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar

Ved Miljøverndepartementet sitt brev av 25.6.1998 er DN gitt mynde til å fastsette kven som skal vere forvaltningsstyremakt for verneområda. I brev av 26.10.1998 opna DN for at kommunane kan søkje om å overta forvaltningsansvaret for m.a. naturreservat, landskapsvernområde og naturminne. Direktoratet er innstilt på å overføre formell mynde for landskapsvernområdet til Stranda og Norddal kommunar, dersom kommunane ønskjer dette. Dersom kommunane ikkje er interesserte, vil DN tilrå at Møre og Romsdal fylkeskommune vert forvaltningsstyremakt.

Det er behov for midlar for å sikre ei god forvaltning av verneområda, inkludert utarbeidinga av forvaltningsplanar. Dette må og sjåast i samanheng med ein truleg verdsarvstatus i området og behov for skjøtselstiltak for å halde deler av kulturlandskapet ope.

Miljøverndepartementet viser til at utgifter til vern og forvaltning dekkjast innfor eksisterande budsjетtrammer.

Høringane

Verneframlegget vart sendt på lokal høyring 14.08.2003. I løpet av høyringsperioden vart det halde to opne informasjonsmøte i Eidsdal og Geiranger.

Verneframlegget vart samtidig sendt følgjande styresmakter og organisasjonar på sentralt nivå:

Landbruks- og matdepartementet, Kommunenes sentralforbund, Forsvarsbygg, Fiskeridirektoratet, Kystdirektoratet, Sjøfartsdirektoratet, Statens Kartverk, Statens namnekonsept Vestlandet, Riksantikvaren, Bergvesenet, Bergindustriens Fellesekretariat, Norges Geologiske Undersøkelser, AVINOR AS, Luftfartstilsynet, Vegdirektoratet, Norges vassdrags- og energidirektorat, Statkraft SF, Statnett SF, Statskog SF, Statens Naturforvaltningsråd, Statens kulturminneråd, Norges Bondelag, Norges Skogeierforbund, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norskog, Norges Fjellstyresamband, Norges Fiskerilag, FHL Havbruk, Taretrålfiskernes Forening, SAS Norge, Braathens, Widerøe Flyselskap A/S, Norges Luftsportsforbund, Norges Naturvernforbund, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norsk Botanisk Forening, Norsk Orkideforening, Norsk Ornitologisk Forening, Norsk Zoologisk Forening, Verdens Naturfond, Sekretariatet for FORF – Frivillige organisasjoners redningsfaglige forum, Norsk Aero Klubb, Den Norske Turistforening, Friluftslivets fellesorganisasjon, Friluftsrådernes Landsforbund, Norges Idrettsforbund, Norges Orienteringsforbund, Prosessindustriens landsforbund, Fortidsminneforeningen, Kulturvernets fellesorganisasjon, Norges Turistråd, Reiselivsbedriftenes landsforening, Foreningen våre rovdyr, Fremtiden i våre hender, Greenpeace Norge, Miljøstiftelsen Bellona, Natur og Ungdom, Norges Miljøvernforbund, Norges Velforbund, Norsk Allmenningsforbund, Norsk limnologforening, Villreinrådet i Norge, Norsk Biologforening, SABIMA, Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening, Norges Kystfiskerilag, Det Kgl. Selskap for Norges Vel, Utmarkskommunenes sammenslutning, Skogforsk, Jordforsk, Planteforsk, Norsk institutt for vannforskning, Norsk institutt for naturforskning, Universitetet i Bergen, NTNU-vitenskapsmuséet, Norges Landbrukshøgskole, Havforskningsinstituttet og Norsk institutt for fiskeri- og havbruksforskning.

Det kom 53 fråsegner til verneframlegget. Etter ønske frå Møre og Romsdal Bondelag vart det halde eit informasjonsmøte 12.11.2003 mellom fylkesmannen og representantar for Norges Bondelag på fylkesnivå og lokalt for å drøfte den omfattande høyringsfråsegna frå Møre og Romsdal Bondelag, Geiranger Bondelag og Norddal og Eidsdal Bondelag. Fylkesmannen gav si tilråding til Direktoratet for naturforvaltning 31.12. 2003.

I samband med slutthandsaminga av planen har DN den 05.02.04 halde informasjonsmøte med Stranda og Norddal kommunar om DN sin tilråding til Miljøverndepartementet.

Merknader til planprosess, verneform og generelle merknader

24 grunneigarar/brukarar har ei felles uttale der dei protesterer mot verneframlegget. Dei meiner at Sunnlyvsfjorden skulle ha vore verna mot olivinverket i Raudbergvika.

Ein grunneigar ser på vernet som mistillit til lokalbefolkninga, då det vil regulere mest lokale tiltak og aktivitetar. Ein må kompensere for ulemper ved søknadsprosedyrar.

To grunneigarar ser mykje positivt i å opprette landskapsvernområdet.

Ein brukar ser på verneframlegget som eit vel gjennomarbeida og godt dokument. Han ser på verneverdiane som store, og særleg samspelet mellom kulturpåverknad og den dramatiske fjord- og fjellnaturen.

Ei felles uttale frå 19 grunneigarar/brukarar hevdar at vernet legg beslag på "rest-retten" utan noko form for vederlag, og samanliknar det med frårøving av land frå indianarane i Amerika, aboriginarane i Australia og samane i Finnmark. Dei vil vurdere om dette er i strid med grunnlova § 105.

Eidsdal Bygdeutval støttar andre fråsegner frå Eidsdal, og ønskjer økonomiske vederlag til grunneigarane og motytingar frå storsamfunnet.

Geiranger Bondelag, Eidsdal og Norddal Bondelag, Møre og Romsdal Bondelag med støtte frå Norges Bondelag ser eit aktivt miljøtilpassa landbruk som viktigare for å ta vare på verneføremålet på sikt enn vernereglar og vernegrenser. Dei ønskjer at Staten innfører ei leigeordning med bygslingsavgift til grunneigar for vern av privat grunn. Dei ønskjer at verneplanarbeid startar "med forvaltnings- og skjøtselsplanar for å finne ut kva vern og tiltak det kan vere behov for." Vernet bør ikkje vedtakast før forvaltnings- og skjøtselsplanar ligg føre. Det må opprettast næringsfond til bruk for grunneigarar som blir omfatta av verneplanen. Det er behov for konkret arbeid mot attgroing, og det bør vurderast korleis turistane aktivt kan medverke til å ta vare på landskapsvernområdet.

Herdal Gard Grunneigarlag ser det som viktig at dagens bruk av inn- og utmark finn stad innafør rammene av vernet, og regelverket opnar for nye tiltak i samsvar med nye krav til næringsutøving og -utvikling. Herdalen har stort potensiale i reiselivssamanheng.

Fortidsminneforeninga, Sunnmøre ønskjer aktive, økonomiske støttetiltak for å halde kulturlandskapet i hevd.

Norddal reiselivslag er samd i at området er unikt og blir ivareteke og forvalta etter naturvernlova i form av landskapsvernområde. Herdalssetra må plasserast i den mest liberale forvaltningssona. Laget har positiv erfaring med ei felles, lokal referansegruppe i planarbeidet.

Stranda kommune er positiv til å verne Geiranger-Herdalen som eit typeområde for Vestnorsk fjordlandskap. Kommunen forventar at det vert gjeve økonomisk kompensasjon for inngrep i eigedomsretten og råderetten over areala.

Norddal kommune ser positivt på at området Geiranger-Herdalen vert verna med status landskapsvernområde som grunnlag for nominasjon til Verdsarvlista. Dei legg til grunn at gjeldande regelverk vert mjuka opp slik at det vert tillate å utvikle miljøbasert næringsliv i området. Dei føreset vidare at vernet ikkje hindrar heilårsveg til Geiranger. Moment i fellesfråsegna frå bondelaga må takast omsyn til når det gjeld vegar, overnattingsbuer og annan infrastruktur. Lovendringar som heimlar erstatning må få tilbakeverkande kraft for Geiranger-Herdalen.

NJFF Møre og Romsdal med støtte frå NJFF sentralt, ser på landskapsvern som positivt i forhold til at areal for jakt, fiske og friluftsliv får sterkare vern.

Dei tilrår at det i denne delen av Storfjorden ikkje vert opna for oppdrettsanlegg av omsyn til ein pressa vill-laksbestand.

Kystverket Midt-Norge vil merke at dei ikkje har vore høyringsinstans i tidlege fasar med utarbeiding av konsekvensutgreiingsprogram. Dei har m.a. 5 lykter og 2 lanterner i området.

Friluftslivets fellesorganisasjon støttar framlegget, og meiner at dette vil vere den beste måten å sikre dei store nasjonale natur- og friluftsiinteressene som finst i området. Det bør ikkje leggjast unødige restriksjonar på det enkle og naturvennlege friluftslivet, men det er viktig å redusere eller avgrense motorferdsel i utmark til eit minimum.

Reiselivsbedriftenes landsforening er positiv til landskapsvern då landskapet i området er eitt av dei mest profilerte i marknadsføringa av Noreg som reiselivsdestinasjon. Ein må òg legge til rette for ei ansvarleg næringsutvikling med gjensidig lokalt samarbeid. Ein må unngå attgroing av terrenget, og ein må utvikle utsiktspunkt, turstiar og ålmenn tilgang til naturområde. Verneplanarbeidet må samkøyrast med Nasjonal Turistveg.

Statens vegvesen kan ikkje sjå at vernet kjem i konflikt med heilårsveg til Geiranger, og reknar dei små investeringstiltaka på eksisterande veg som uproblematisk i forhold til planen.

Fylkeslandbruksstyret vil merke at mogelege avbøtande tiltak må vurderast i den vidare saksbehandlinga (unnateke i Raudbergvika). Særleg vil dei peike på at det må opnast for å kunne etablere mini- og mikrokraftverk innan verneområdet. Dei viser til fråsegn frå bondelaga som dei sluttar seg til. Fylkeslandbruksstyret vil peike på at det verdfulle kulturlandskapet i området er forma av aktiv landbruksdrift, og forskriftene må ikkje stenge for nye næringar og driftsmetodar, føresett at dette ikkje i vesentleg grad går utover verneføremålet.

Norges Landbrukshøgskole ser store konflikthar mellom vern og vidare dagbrot-utviding i Skrednakken. Dei støttar også fylkesmannen i Møre og Romsdal i at det ikkje vert etablert nye, tradisjonelle akvakulturanlegg i området, da turismen er basert på eit "tradisjonelt" fjordlandskap utan slike blikkfang. Bergindustriens fellessekretariat ønskjer at verneplanar får fram kva geologiske førekomstar ein bandlegg ved vernet. Førekomsten av olivin i Raudbergvika har stor verdi for Noreg som bergverksnasjon. Dei ser på Skrednakken som marginal i forhold det samla verneframlegget.

Norges Bondelag viser til nye prinsipp for forvaltning av verneområde som kom fram i revidert nasjonalbudsjett 2003.

Norges Naturvernforbund fryktar at verneframlegget i for stor grad er eit resultat av kompromissar, og det låge konfliktnivået gjer at framlegget ikkje må utvatnast ytterlegare. Dei ønskjer inga utviding av drifta i Raudbergvika, dagbrot og veganlegg i dagen må avvisast. Særmerkte fossefall og vassdragsverdiar i området tilseier at bygging av mikro- og minikraftverk må avvisast. Dei åtvarar mot ein liberal dispensasjonspraksis.

Den Norske Turistforening ser det som viktig å sikre natur- og kulturkvalitetane. Bruk av naturvernlova vil vere svært viktig, saman med randsonerforvaltning etter plan- og bygningslova. Dei ber styresmaktene vere restriktive i forhold til vegbygging og nydyrking, og det må presiserast at retningslinene for skogsdrift skal følgjast. Dei går imot bergverksdrift i Raudbergvika, hytte- og vegbygging, større reiselivsanelegg og akvakulturanlegg innafor og i randsona av verneområdet. Det må gjevast rom for tilrettelegging for eit enkelt friluftsliv.

Planteforsk ser store verdier i området, særleg knytt til kulturlandskapet. Dette gjeld for kulturminne, kulturmiljø og biologisk mangfald. Dei meiner at det ikkje burde byggast veg til Blåhornet i Eidsdal. Det er behov for meir beiting som ein offensiv mot attroinga av landskapet.

Riksantikvaren er positiv til å etablere eit landskapsvernområde med dei spesielle natur- og kulturverdiane i området. Hovudutfordringane er knytt til dynamikken mellom områda innan og utanfor landskapsvernområdet. Det er viktig å legge til rette for ei heilskapleg drift der innmark og utmark heng saman. Dei ønskjer å vidareføre beiting, slått og lauving. Det er viktig med eit breitt samarbeid for å ta vare på landskapskvalitetane.

Sjøfartsdirektoratet vil tilrå at Justisdepartementet / Redningstenestekontoret får saka til fråsegn.

Bergvesenet meiner at Industrimineraler AS er den bedrifta som vert hardest råka av verneframlegget.

Norges Geologiske Undersøkelser ser på mineralressursane i Raudbergvika og Skrednakken til å vere av nasjonal interesse. Dei vurderer verneframlegget til å vere på langt nær grundig nok til å avklare arealbruken i området, og eit evt. framtidig dagbrot ved Skrednakken må baserast på ei grundig konsekvensutgreiing når det måtte bli aktuelt. Dei meiner at verneframlegget er meir omfattande enn det som går fram av kartet i St.meld. nr. 62 (1991-1992). Vidare peikar dei på at fylkesmannen i Møre og Romsdal ikkje har ført fram spesielle argument om kvifor det er viktig å auke arealet med den naturgeografiske regionen "Vestlandet sin lauv- og furuskogregion", og heller ikkje kva raudlista planteartar som kan bli påverka av dagbrot i området.

Fylkesmannen konstaterer at det er stor semje om at det er store verneverdiar i Geiranger-Herdalen. Det er ei viss usemje om verkemiddelbruken, men det verkar som om bruk av naturvernlova jamt over er akseptert. Verneframlegget er ei rimeleg avveging mellom verneverdiar og vidare utbygging og næringsutvikling, og må også sjåast i samanheng med kommunedelplanen for Geiranger.

Fylkesmannen vil kommentere NGU sitt innspel om å auke arealet med den naturgeografiske regionen "Vestlandet sin lauv- og furuskogregion" med at denne naturtypen er dårleg representert i norske verneområde generelt. Vidare er dette særskilt viktig for dei landskapsmessige kvalitetane i denne delen av verneområdet.

Landbruksdepartementet har forståing for at det er utarbeidd forslag til verneplan for området med dei natur- og kulturlandskapsverdier som føreligg, og at det arbeidast med å få området inn på UNESCO si liste for verdsarv. Samstundes er det klart at opprettinga av landskapsvernområdet vil kunne få næringsmessige konsekvensar og at ein så langt som mogleg må legge vekt på teneleg avgrensing og tiltak.

Statskog SF har ingen merknader dersom jakt, fiske og beite kan halde fram som før.

Statnett SF ser ikkje at dei er påverka av planen.

Direktoratet for naturforvaltning støtter fylkesmannen sine vurderingar. Generelt skal eksisterande verksemd som jord- og skogbruk kunne halde fram på

ein rekningsvarande måte. Etter DN sin oppfatning vert det ikkje lagt opp til avgrensingar på den landbruksverksemda som går føre seg i dag. Seter-/ og landbruksdrifta i området skal kunne utvikle seg i tråd med endra produktjonskrav innafor næringa så lenge dette ikkje er i strid med føremålet og verneverdiane for området. Det er peika på behov for rydding av beite og skjøtsel av områda. Dette er ein del av den tradisjonelle landbruksdrifta, og vil vera tenleg i høve til skjøtsel av kulturlandskapet. Dei største trugsmåla mot kulturlandskapet i dag ser ut til å vere fråflytting og at det dermed gror att. DN vil understreke at å oppretthalde landskapskvalitetar gjennom å halde fram med drifta og beiting er ein uttalt målsetting med opprettinga av landskapsvernområdet. Det kan leggest retningsliner for skjøtsel av områda i ein forvaltningsplan, eventuelt utarbeidast skjøtelsplanar for dei kulturhistoriske og botaniske mest verdiulle områdene.

Eit av føremåla med å opprette verneområde er å ta vare på eit representativt utval av norsk natur. Fleire av våre naturtypar er unike eller sjeldne i ein internasjonal samanheng. Naturvernlova er eit sentralt verkemiddel for å sikre det biologiske mangfaldet, og det er eit nasjonalt mål og ei internasjonal forplikting å sikre variasjonsrikdomen og representativiteten i norsk natur. Geiranger – Herdalen er verneverdig som eit typeområde på eit fjordsystem med tilhøyrande variert natur i denne landsdelen.

Når det gjeld spørsmålet om økonomisk kompensasjon som følgje av vern viser DN til dei ordinære erstatningsordningane. DN opplyser om at erstatningsreglane i samband med oppretting av nasjonalparkar og landskapsvernområde vert vurdert som ein del av arbeidet i Biomangfold-lovutvalget.

For heilårsvegen frå Oplendskedal til Grotli er det utarbeidd førebelse planar, men saka er ikkje prioritert i Nasjonal transportplan 2002 – 2011. Ein slik veg kan sjåast som eit tiltak av vesentleg samfunnsmessig verdi og må handsamast etter den generelle dispensasjonsføresegna dersom framtidige behov for inngrep krev løyve frå verneforskrifta.

Bygging av mikrokraftverk for kommersiell drift vil vanlegvis vere i strid med formålet for eit landskapsvern. Eventuelle konkrete planar for bygging av mikrokraftverk vil bli eit dispensasjonsspørsmål der vurdering av føremålet med landskapsvernområdet vil vere sentralt. Sjå kommentarar lenger fram i dokumentet.

Geiranger – Herdalen landskapsvernområde, saman med delar av landskapet ikring, er foreslått tatt inn på den internasjonale verdsarvlista (UNESCO si «World Heritage List»), noko som viser at naturverdiane i området er særskilt store også internasjonalt. Av liknande fjordlandskap elles i verda, skil det norske fjordlandskapet seg ut ved også å vere eit særprega kulturlandskap. Skrednakken / Raudbergvika ligg ved innfartsåra langs sjøen og er svært synleg. DN er av den oppfatning at det ikkje er mogleg å sikre verneverdiane i ein kombinasjon med storskala bergverksdrift. DN meiner at uttak av mineralressursane i området ved dagbrot ikkje kan sameinast med vern som landskapsvernområde. Etter DN si vurdering må evt. bergverksdrift løysast gjennom underjordisk drift med innslagspunkt utanfor verneområdet. I samband med ei eventuell framtidig underjordisk bergverksdrift, er forskrifta endra slik at det kan gjevast løyve til prøveboring og etablering av luftesjakter.

DN meiner det er viktig for framtidig forvaltning å balansere omsynet til lønnsam drift, næringsutvikling, utvikling av reiselivsnæringa og omsynet til å ivareta verneverdiane i området på lang sikt. Arbeidet med forvaltningsplanen vil vere ein svært viktig arena for vidare avklaringar og rammer for aktivitet i området.

Når det gjeld oppdrett visast det til kommentarar under neste kapittel.

Miljøverndepartementet:

Biologiske verdiar

I kartlegginga av biologiske verdiar som verneframlegget frå DN bygger på, fekk Skrednakken betegnelsen ”*viktig*”. Varmekjære og kravfulle planteartar som rødflangre og 5 ulike artar småbregner (*Asplenium*-arter), herad rødlistearten brunburkne, samt kravfulle artar som blankburkne og grønnburkne er funne her. Området er dessutan ein av få lokalitetar i fylket der det hekker jaktfalk. Jaktfalk står på den nasjonale rødlista som sårbar og dette er einaste kjente fjordhekking i fylket.

Høsten 2003 blei det påvist fleire til dels høgt rødlista marklevande mykorrhiza-sopp knytt til olivinhaldig berggrunn innafor Fjøra i Tafjord i Norddal. Dette omfattar m.a. artar som fagervokssopp *Hygrophorus calophyllus* og blågrå vokssopp *Hygrophorus atramentosus*. Begge artane regnast som direkte trua både i Norge og internasjonalt. Det har tidlegare ikkje vore kjent at kalkfurusoksgossopp kan opptre i olivinfuruskog. Derfor blei ikkje dette tatt omsyn til under verdivurderingane i kommunen. I ettertid vil det derfor vere riktig å oppjustere verdien til denne lokaliteten til ”*særs viktig*”. Det er vidare stort potensial for at dei mest sjeldne og trua artane finns innanfor gjenværande areal med olivinfuruskog på Skrenakken.

Bergverksdrift

Etter drøftingar med NHD er formuleringane knytt til bergverksdrift noko endra. Desse er innarbeidd i teksten under.

Geiranger-Herdalen er eit område der det ligg føre få planar om større inngrep som kan endre landskapet sin art og karakter vesentleg. Mykje av terrenget er frå naturen si side også vanskeleg tilgjengleg for utbygging og anna utnytting. Rasfare hindrar også utnytting av land og sjø mange stader.

Industrimineraler AS driv dagbrot og gruvedrift på ein olivinførekomst som delvis ligg innafor verneområdet. NGU opplyser at olivinførekomstane er ein naturressurs av nasjonal verdi. Sjølv om førekomsten ikkje er endeleg kartlagt, kan han representere milliardverdiar. I verneframlegget legg ein opp til at det kan drivast gruvedrift i berggrunnen under verneområdet, og det kan lagast mindre sjakter og gangar ned til uttaksområda for å sikre lufting, rømningsvegar og installering av utstyr. Det føreligg ikkje konkrete planar om dagbrot, men ei slik driftsform vil kunne vere eit stort trugsmål mot utsjånaden til landskapet, og det kan også skade aktuelle leveområde for den raudlista bregna brunburkne. Det føreligg ikkje løyve til utvida drift pr. dags dato.

Dersom framtidig kunnskap og teknologi gjer det mogleg med utviding av bergverksdrifta ut over det forskrifta i dag tillet, skal det kunne gjevast løyve etter den generelle dispensasjonsbestemminga i forskrifta så lenge aktiviteten

ikkje kjem i strid med føremålet med vernet. Eit slikt løyve kan berre gjevast på bakgrunn av ein konkret søknad.

Økonomisk kompensasjon

Når det gjeld økonomisk kompensasjon til kommunane, heiter det i "Retningslinjer for skjønnsdeling for 2004" frå Kommunal- og regionaldepartementet m.a. at "*Noen kommuner har også særskilte miljøutfordringer knyttet til forvaltning av samfunnets fellesressurser som ikke fanges opp gjennom utgiftsutjevningen. Dette kan for eksempel gjelde kommuner som får store deler av arealet vernet etter naturvernloven, kommuner som har store rovviltbestander, kommuner med nasjonale kulturminner/ kulturmiljøer eller kommuner som har særskilte utfordringer knyttet til en miljøvennlig by- og tettstedsutvikling.*"

Det heiter vidare i retningslinjene at fylkesmannen difor i sin fordeling av skjønsmidlar til kommunane bør leggje vekt på dei miljøvernmessige utfordringar kommunane har.

Merknader til arealomfang og avgrensing

To grunneigarar vil flytte grensa slik at det kan byggast hytter på Ospahjellen. Tafjord Kraftproduksjon AS er nøgd med at Kolbeinsvatnet er teke ut av verneframlegget, og føreset at lukehus og hytter er halde utanfor.

5 grunneigarar vil ta ut området i Kvannaldalen i Geiranger og flytte grensa opp til 650-700 m.o.h.

Geiranger Bondelag, Eidsdal og Norddal Bondelag, Møre og Romsdal Bondelag med støtte frå Norges Bondelag vil at grensene skal vere grunngeve. Dei vil ta ut Indreeidsdalen i Eidsdal og heve grensa til 700 m.o.h. inst i Eidsdal. Grensa bør opp til osen av Oaldsvatnet i Eidsdal, og gå i rett line nord til Smogereset. Dei vil ta ut Vesterås og heve grensa til 700 m.o.h. i Geiranger. Dyrkbare myrer sør for Kilstivatnet må haldast utanfor, heile Blåhornet må takast ut, og området aust for Verpesdalen må takast ut til fordel for hyttebygging.

Ein brukar vil ta ut eit område med fonnvern på Grandestranda i Geiranger.

25 grunneigarar/brukarar vil flytte grensa aust for Eidsdal oppom skoggrensa og trekke grensa lengre sør og vest for Eidsdal.

Ein brukar, Norges Landbrukshøgskole og Norges Naturvernforbund vil ta med Vesterås ved å velje alternativ 1.

To grunneigarar vil ta ut Vesterås og flytte grensa til 500 m.o.h., dei har planar om å utbetre gardsvegen og bygge nye hytter på Vesterås.

3 grunneigarar og Stranda kommune vil ta ut Vesterås etter alternativ 2.

Planteforsk ser på framtidig samarbeidsform med grunneigarane på Vesterås som avgjerande for val av alternativ.

Tafjord Kraftproduksjon AS og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) vil ta ut områda ved kraftlina langs Tafjorden, og Oaldsvatnet og Svartevatnet i Eidsdal for vurdering av framtidig kraftutbygging. NVE meiner at ei evt. konsesjonsbehandling etter vassdragsreguleringslova vil avklare forholdet mellom utbygging og vern i Oaldsvatnet og Svartevatnet i Eidsdal betre enn verneplanen.

Fiskeridirektoratet, Region Møre og Romsdal, ønskjer å flytte grensa i Sunnylvsfjorden sør for Dukevika viss vernet hindrar etablering av omsøkt skjel-

anlegg. Det bør takast ut areal for landfeste til oppdrettsanlegga ved Ospahjellneset og Vindsneset i Norddalsfjorden.

Industrimineraler AS og Bergindustriens fellesekretariat vil ta ut heile den kjente olivinførekomsten på Skrednakken av verneframlegget, då det ikkje er avklart om det vert gruvedrift eller dagbrot.

Bergvesenet ønskjer at grensa for landskapsvernområdet vert trekt ca. 1 km frå dagbrotet i Raudbergvika slik at olivinførekomsten på Skrednakken vert halde utanfor.

Norges Geologiske Undersøkelser vil at grensa for landskapsvernområdet skal trekkjast sør for olivinressursane i Raudbergvika.

Grunneigarane på Smoge og Smogeli ber om at plangrensa vert flytta om lag 300 m sørover ved Raudbergvika slik at det mogeleggjjer framtidige tiltak på deira grunn.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal går inn for underjordsdrift dersom det skal utvinnast olivin frå Skrednakken, men dei meiner risikoen for å påverke vasshus-haldninga ved underjordisk drift er så stor at dei primært ikkje ønskjer at bergverksområdet vert utvida.

Fylkeslandbruksstyret går imot grenseending i Raudbergvika som avbøtande tiltak.

Fylkesmannen merkar seg at eit samrøystes kommunestyre i Stranda og alle grunneigarane på Vesterås går imot å ta med Vesterås i landskapsvernområdet. Det er knytt store verneverdiar til Vesterås, og fylkesmannen såg det som realistisk å kunne finne eit forvaltningsregime som både sikra verneverdiane og ei vidare næringsutvikling på bruka. Ut frå den lokale motstanden tilrår fylkesmannen å ta ut Vesterås tilsvarande alternativ 2. Fylkesmannen vil ikkje tilrå andre grenseendingar innan forslaget til verneområdet.

Fylkesmannen registrerer stor usemje om grensefastsetjinga ved Skrednakken. Det er tvillaust svært store verdiar i olivinførekomsten oppe på Skrednakken, og utbreiinga er neppe fullstendig kartlagd. Plasseringa av Skrednakken er slik at terrenginngrep vil kunne visast godt i landskapet. Lokaliteten ligg rett ved innseglinga til Sunnylvsvfjorden og dermed det føreslåtte verd-sarvområdet. Dette tilseier stor varsemnd. Fylkesmannen ser det som viktig at terrengrestaureringa av eksisterande dagbrot held fram, og at mest mogeleg av drifta skjer gjennom tunnel.

Fylkesmannen vil ikkje tilrå nye innskrenkingar av verneområdet i Eidsdal utover det som er gjort undervegs i prosessen. Ein bør heller ikkje ta ut meir av Sunnylvsvfjorden enn det som alt er gjort, og søknad om etablering av eit nytt skjelanlegg er ikkje tungtvegande nok grunn til grenseending.

Noregs Jeger- og Fiskerforbund, Møre og Romsdal har etter Fylkesmannen sin tilråding komme med ei uttale, der dei meiner at det i verneforskrifta bør komme klart fram at akvakultur er uaktuelt i denne delen av Storfjorden. Presset på fjordsystemet er stort, spesielt etter at den førebelse sikringssona for laksefisk vart oppheva. Dei viser til at storsamfunnet har brukt store ressursar på å fjerne lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* frå elvane som drenerer til Storfjorden. Samtidig er trusselbildet for villfisk stor, i form av spreining av sjukdommar og parasittar som lakselus, og rømming av oppdrettsfisk.

Fiskeridirektoratet ønskjer tiltak som justering av grenser og endring av forskrift som er foreslått som avbøtande tiltak i konsekvensutgreiinga. Direktoratet viser til St.meld. nr. 43 (1998-99) der det i retningslinene for havbruk i verneområde seiast at i landskapsvernområder vil *"Havbruksverksemd utan fast bygningsmasse og utan særlege synlege anlegg på sjøoverflata, i praksis ikkje vere i strid med verneføremålet. Verneforskriftene vil bli utforma i samsvar med dette."*

DN støtter fylkesmannen sine vurderingar. I Skrednakken er det, som også Industrimineraler AS uttalte på møtet i april 2003, mogleg med underjordisk drift, og det er i forskrifta presisert at det kan tillatast prøveboring og luftsjakter for dette. Sjå også kommentarar om dette ovanfor.

DN seier at det generelt kan tillatast oppdrettsverksemd utan synlege anlegg på overflata i landskapsvernområde, når dette ikkje er i strid med verneføremålet. Når det gjeld Geiranger-Herdalenområdet vil ikkje DN tilrå grense-/ forskriftsendringar etter forslaget i konsekvensutgreiinga. Vern av fjordsystemet er ein del av føremålet med opprettinga av landskapsvernområdet. Sunnlyvsfjorden/Geirangerfjorden er ein del av eit høgt prioritert inngrepsfritt område, og det einaste fjordområdet i Møre og Romsdal kor "villmarksområde" stadvis strekk seg heilt ut i sjøen. Merdanlegg for fiskeoppdrett og skjelanlegg med vanlege blåser på overflata vil kunne utgjere eit markant element i fjorden.

Vernet skal ikkje vere til hinder for landfeste for fortøyingar av eksisterande merdanlegg i Norddalsfjorden og Tafjorden, og DN tilrår at det vert tatt inn eit punkt i forskrifta at det kan tillatast etablering av landfeste for fortøying av merdanlegg.

Lukehus og hytter ved Kolbeinsvatnet ligg innafor verneområdet, men vernet vil ikkje vere til hinder for drift og vedlikehald av desse, da det i forskrifta er opna for vedlikehald av bygningar og anlegg. Når det gjeld kraftleidningane finn ikkje DN å endre grensa pga desse. Ein vil i forskrifta presisere at reglane ikkje er til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande kraftleidningar.

DN viser til at kraftutbygging er i strid med verneføremålet. Området er i stor grad urørt av større tekniske inngrep, og det er eitt av dei fem villmarksprega områda som ligg meir enn 5 km frå større tekniske inngrep som er att i fylket. Ei kraftutbygging vil ha stor innverknad på dette urørte område. Direktoratet meiner verneverdiane i området bør gå føre kraftutbyggingsinteressane, og vil ikkje tilrå at planane om utbygging i Oaldsvatnet og Svartevatnet gjennomførast. DN tilrår at grensene og verneforma vert oppretthalde.

Miljøverndepartementet sluttar seg til DN sin vurdering, og vil vise til at området sin internasjonale verdi må tillegast stor vekt med omsyn til å godkjenne inngrep i landskapet.

Ulike planar som kan kome i konflikt med landskapsvernområdet

Ein grunneigar har planar om å bygge mikrokraftverk på Kvernhusneset i Tafjorden. Han vil også restaurere selet på Vikasetra.

Industrimineraler AS har planar om vidare drift inn i området, enten dagbrot eller gruvedrift.

6 grunneigarar med ei felles uttale ønskjer å få bygd skitrekk til Oaldsvatnet i Eidsdal, og veg opp til Solskaret på vasskiljet til Sunnylvsfjorden same stad.

Grunneigarane på Smoge og Smogeli vil byggje eit lite minikraftverk for å kunne vedlikehalde dei tre bruka.

Fellesuttalen frå 19 grunneigarar/brukarar seier dei ønskjer skitrekk i Eidsdal, og veg til fjelltopp / utsiktspunkt. Dei vil også ha veg, evt. gjennom tunnelar, frå Kilsti til Raudbergvika.

Herdal Gard Grunneigarlag har planar om å føre opp 3-5 utleigesel og ei "Herdal-stove", utbetre parkeringsplassen, etablere villmarkscamp, bygge gangvegar på stølen og føre opp to mindre buer i fjellet for tilsyn med beitedyr og utøving av fiske og jakt.

Fylkesmannen viser til dei tilrådde grenseendringane som gjer at fleire av desse tiltaka hamnar utanom landskapsvernområdet. Framføring av skitrekk og vegar opp i fjellet i inngrepsfrie område vil endre landskapskarakteren og redusere verneverdiane. Fylkesmannen kan difor ikkje tilrå dette. Ei vidare utvikling av eksisterande setergreider som Herdalssetra vil måtte kunne skje innafør verneformålet, der det vert teke tilstrekkelege kulturvern- og landskapsmessige omsyn. Dette er forhold som bør avklarast i forvaltningsplanen.

DN viser til kommentarar under "merknader til planprosess, verneform og generelle merknader" når det gjeld drifta i Raudbergvika. Det vil berre unntaksvis vere aktuelt å føre opp bygningar til andre føremål enn landbruk. Dette er vidare kommentert under kapitlet om "Føresegner". Mikro- og minikraftverk er også kommentert under "Føresegner", lenger fram i dokumentet.

Miljøverndepartementet vil påpeike at detaljar omkring kva ein kan tillate i verneområdet må beskrivast nærmare i forvaltningsplanen. Elles støtter MD vurderingane frå fylkesmannen og DN.

Merknader til utgreiing og temakart

Fiskeridirektoratet, region Møre og Romsdal tykkjer at fiskerinæringa sine interesser har fått for liten omtale i rapporten.

Arbeidsgruppa for Heilårsveg Geiranger-Skjåk ønskjer at vernerapporten oppdaterer omtalen av Heilårsvegprosjektet, og saman med ein enkeltperson ønskjer dei at tunneltraséen vert nemnt i framlegget. Omgrepet "omlegging av vegar" må ikkje vere til hinder for at samfunnsmessige naudsynte tunnelprosjekt kan gjennomførast innanfor verneområdet.

Bergvesenet meiner at dagbrotet til Industrimineraler AS burde ha vore med på temakartet for inngrepsfrie naturområde. Vidare burde det ha vore laga temakart for raudlistearter og geologiske førekomstar. Temakarta burde ha vore knytt til teksten i verneplandokumentet. Verneplankartet burde ha avklart betre at Skrednakken er namnet både på eit fjell og ein gard.

Fortidsminneforeninga, Sunnmøre ønskjer eit temakart for kulturminne.

Fylkesmannen vil vise til at fiske i fjorden vert lite påverka av vernet. Havbruksnæringa er og vurdert i konsekvensutgreiinga. Grensefastsetjinga er sett ut frå planlagt påhogg til tunnel mellom Geiranger og Skjåk. Raudbergvika har store inngrep i form av masseuttak og driftsvegar, og det burde ha vorte fanga opp i INON-kartlegginga. Dette må korrigerast ved revisjon av karta over inngrepsfrie naturområde. Fylkesmannen kan likevel ikkje sjå at dette skal kunne ha hatt noko verknad for vurderinga, for anlegget i Raudbergvika har vore eit viktig tema i utgreiingsarbeidet, og det har vore halde møte og synfaringar med aktuelle partar og styresmakter.

DN støttar fylkesmannen sine vurderingar.

Miljøverndepartementet sluttar seg til den vurderinga fylkesmannen har gjort.

Naturoppsyn

Ein grunneigar har bedt om å få medverke i eit oppsyn- og informasjonsarbeid knytt til verneområdet. Ut over dette har det ikkje kome innspel i høyringsrunden knytt til korleis naturoppsynet skal organiserast.

Fylkesmannen meiner det er naturleg at Statens naturoppsyn (SNO) sitt framtidige engasjement i området blir avklart, og omfanget av oppsyn og kjøp av oppsynstenester blir sikra. Behovet for statleg naturoppsyn i dette nye verneområdet er primært knytt til vanlege kontrolloppgåver, skjøtsel og informasjon, og vurderast å omfatte vel eitt årsverk. Fylkesmannen seier vidare det er naturleg at behovet for statleg naturoppsyn i området også blir vurdert i samanheng med opprettinga av ein framtidig Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande verneområde. I siste omgang vil det truleg vere naturleg å vurdere det totale behovet for oppsyn under eitt for desse to områda samt i høve til rovvilt, og til dei andre mindre verneområda i distriktet.

DN vil vise til at SNO har eit særleg ansvar for nasjonale verneverdiar og oppsynsoppgåver av statleg karakter, og at det difor i utgangspunktet er SNO som har det overordna ansvaret for statleg naturoppsyn i alle verneområde. Det statlege naturoppsynet skal i første rekke ha slike oppgåver som er omtala i Lov om statlig naturoppsyn; Førebygging av miljøkriminalitet, kontroll, vegleiing og informasjon, og å drive med praktiske oppgåver som skjøtsel, registreringar, dokumentasjon mv.

Området har pr i dag mest lokal og regional bruk, men er i sommarmånadene også eit utprega reiselivsområde med stor trafikk i hovudferdselsområda. Det bør difor leggst til rette for ein god oppfølging av området heilt frå starten, knytt til vegleiing og informasjon, og kontroll med at bruken skjer iht verneforskrifta.

Det vert viktig å få eit samordna og heilskapeleg statleg naturoppsyn i dette nasjonalt viktige landskapsvernområdet, spesielt dersom området også får verdsarvstatus. DN legg til grunn at det må vere eit statleg nærvær, men meiner samtidig at samarbeid med og evt tenestekjøp frå lokale oppsynsaktørar kan vere viktig for å sikre god lokal forankring og gode samarbeidsrelasjonar.

Miljøverndepartementet sluttar seg til dei generelle merknader om behovet for eit tilfredsstillende oppsyn. Det vil bli etablert eit slikt oppsyn innanfor ramma av dei årlege budsjetter.

Merknader til verneforskrifta

Namnet

Fellesuttalen frå 24 grunneigarar/brukarar peikar på at Sunnlyvsfjorden ikkje ligg i Geiranger-Herdalen.

Fellesuttalen frå 19 grunneigarar/brukarar, Eidsdal Bygdeutval og Geiranger Bondelag, Eidsdal og Norddal Bondelag, Møre og Romsdal Bondelag med støtte frå Norges Bondelag vil endre namnet til Geiranger-Eidsdal-Herdalen landskapsvernområde pga. positiv marknadsføringsverdi av verneområdet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er samd i at Sunnlyvsfjorden ikkje ligg verken i Geiranger eller Herdalen. Namnesetjinga på slike område som ikkje omfattar eit einsarta og klårt definert område med eit tidlegare fellesnamn vil gjerne anten få eit konstruert namn eller eit samansett namn frå to delar av verneområdet. Eit tredelt namn verkar unødige tungt, og fylkesmannen er i tvil om Eidsdal er rett namn på området, særleg ut frå at dei same som ønskjer Eidsdal i namnet samstundes vil ta ut endå meir av arealet som soknar til Eidsdal. Fylkesmannen tilrår inga endring frå høyringa.

DN støttar fylkesmannen sine vurderingar.

Miljøverndepartementet er samd med fylkesmannen.

§ 2 Verneføremål

Friluftslivets fellesorganisasjon vil ha inn formuleringa "Ta vare på de store opplevelseskvalitetane i området for det enkle og naturvennlige friluftslivet." Bergvesenet meiner at konsekvensutgreiinga må konkretisere kva geologiske førekomstar som er verneverdige, elles må dette punktet takast ut av verneformålet.

Storfjordens Venner og Riksantikvaren er positiv til at kulturlandskap, kulturminne og kulturmiljø er med i verneformålet.

Fylkesmannen tilrår ingen endringar.

Friluftslivets fellesorganisasjon viser til uttale gitt til fylkesmannen under høyringa, og at fylkesmannen ikkje har foreslått noko endring, noko dei verken har kommentert eller grunngjeve. FRIFO meiner at omsynet til friluftsliv bør innarbeidast i føremålet, og dei foreslår "Ta vare på dei store opplevelseskvalitetane i området for det enkle og naturvennlige friluftslivet". Dei meiner dette vil vere den beste måten å sikre dei store nasjonale natur- og friluftslivsinteressene som finnes i dette området på.

DN seier oppretting av verneområdet vil sikre områder for utøving av friluftsliv, og det er her ønskeleg at det skal vere eit friluftsliv basert på det enkle og tradisjonelle, og som ikkje krev spesiell teknisk tilrettelegging. Ein ønskjer å differensiere områda, i høve til kor stor bruk dei har. Geiranger – Herdalenområdet er mest brukt av lokalt busette og folk i regionen. Innanfor området fins

det nokre merka stiar, men det er ikkje tilrettelagt med opne hytter. Vinterbruken er og forholdsvis låg på grunn av mindre tilgjenge og rasfare. Mange av dei tilreisande turistane brukar nærområdet til Geiranger til kortare turar. Verneområdet opprettes av omsyn til naturtilstanden og landskapets kvalitetar, og allemannsretten gjeld framleis innanfor området. Denne problemstillinga vart diskutert med kommunane på informasjonsmøtet som vart halde. Der vart det konkludert med at friluftsløva og punkta i forskrifta om ferdsel og tilrettelegging i tilstrekkeleg grad sikrar at området kan brukast til friluftsliv.

DN viser til at heile området er sers viktig kvartærgeologisk. Noko også søknaden om verdsarv legg til grunn. Under istida har breane utvikla dalane til markerte u-dalar, og gravd ut fjorden. Fjellområda er typiske alpine landskapsrom som er utvikla av brear som grev ut botnar i fjellsida. I heile området fins morenar og rasvifter.

Miljøverndepartementet er samd i at det er viktig å ta omsyn til friluftslivet og meiner at dette vert tilstrekkeleg ivaretatt gjennom friluftsløva. Vernet av området vil også være med på å sikre friluftslivinteressene.

§ 3 Verneføresegner

Geiranger Bondelag, Eidsdal og Norddal Bondelag, Møre og Romsdal Bondelag med støtte frå Norges Bondelag vil stryke "framføring av jordleidningar". Dei vil endre siste setning til: "Forvaltningsstyresmakta avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter". Naturhistoriske og Geologiske Undersøkelser vil ta ut formuleringa "uttak av stein, mineralar eller fossilar", då dei meiner at det er for strengt å hindre hobbygeologar, forskarar og andre å ta steinar og mineralar i små mengder. Det verkar òg uaktuelt å finne fossilar i området.

Fylkesmannen tilrår ingen endringar. Heimelen til fylkesmannen om å vurde-re om "eit tiltak endrar landskapet sin art eller karakter vesentleg" er heimla direkte i naturvernlova § 5. Regulering av steinsanking kan avklarast i forvaltningsplanen.

DN vurderer at det er naudsynt med eit forbod for å hindre hogging av stein/mineral og fjerning av t.d. store skiferheller, men ikkje å hindre folk i å ta med mindre lause steinar som suvenirar o.l. For betre å synleggjere dette har ein endra teksten til forbod mot inngrep som "bryting av steinar, mineral og fossil, fjerning av større steinar og blokker".

Det er forslag om å endra formuleringa "Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak...." til "Forvaltningsstyresmakta avgjer ...". Gjeldande formulering er henta direkte frå naturvernlova § 5.

Miljøverndepartementet har endra formuleringa i pkt 1.1 "Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak...." til "Forvaltningsstyresmakta avgjer ...". MD har og lagt til i same punkt "Kulturminne skal ikkje skadast eller øydeleggjast". Dette fordi kulturminne er ein del av føremålet med vernet. Pkt. 1.2

c) er endra frå ”drift og vedlikehald” til ”drift og skjøtsel”. Dette uttrykket er meir presist i forhold til kva som er behovet i dette landskapet.

I forskriftens pkt 1.3 l) og 5.3 h) er formuleringa *underjordisk drift av mineralar* endra til *underjordisk bergverksdrift*.

Departementet har elles med bakgrunn i behovet for tekniske forbetringar gjort ein del mindre justeringar og endringar i forskrifta, i tillegg til det som er nemnt i kommentarane under.

1.2 – Reglane er ikkje til hinder for:

Friluftslivets fellesorganisasjon og Den Norske Turistforening er nøgd med at det ikkje er hindringar for vedlikehald av merka stiar, skilt, buer og løyper. Kystverket Midt-Norge vil ha unntak for ”Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg”.

Norges vassdrags- og energidirektorat vil ha unntak for utbetring og vedlikehald av kraftliner i området.

Fylkesmannen tilrår å endre punktet om vedlikehald av bygningar og innretningar til å omfatte ”Drift og vedlikehald av bygningar, anlegg og andre innretningar”. Dette vil presisere at det også gjeld drift og vedlikehald av kraftliner og Kystverket sine anlegg.

DN ønskjer å presisere punktet om drift og vedlikehald av kraftliner og Kystverket sine anlegg. DN tilrår difor ei endring i forskrifta som opnar for dette utan søknad.

Miljøverndepartementet støtter fylkesmannen og DN sin vurdering. Etter forelegginga for dei andre departementa, har MD etter innspel frå Olje- og energidepartementet endra formuleringane til dei omforente standardformuleringane (punkta f – h)).

1.3 – Forvaltningsstyremakta kan etter søknad gje løyve til:

Ein grunneigar ønskjer heimel for maskinelt vedlikehald, utbetring og nybygging av turstiar i området.

Fellesuttalen frå 25 grunneigarar/brukarar nemner at dei ønskjer heimel for å føre opp buer i fjellet, 19 av desse ønskjer og heimel for bygging av mini-kraftverk.

Arbeidsgruppa for Heilårsveg Geiranger-Skjåk ønskjer at det skal vere høve til å bygge samfunnsmessige nødvendige tunnelprosjekt innafor ramma av vernereglane.

Storfjordens Venner er positiv til heimel om gjenoppføring av naturskadde bygg og restaurering av kulturminne.

Geiranger Bondelag, Eidsdal og Norddal Bondelag, Møre og Romsdal Bondelag med støtte frå Norges Bondelag vil ha heimel for: ”Framføring av jordleidningar”. Dei vil ikkje at det berre skal vere tillate med oppføring av bygningar for landbruksverksemd, men ønskjer og bygg til jakt og fiske. I tillegg vil dei opne for ”Oppføring av nye buer i fjellet”, ”Anlegg for mindre kraftverk” og ”Næringsutvikling som ikkje er i strid med verneformålet”. Dei vil også tilføye at ”Lista er ikkje uttømmende”.

Norddal reiselivslag vil ha heimel til: "Oppføring av landskapstilpassa bygg i næringsverksemd i samsvar med forvaltningsplan".

Friluftslivets fellesorganisasjon er nøgd med at det er heimel for å gje løyve til opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper, samt bygging av bruer og klopper.

Kystverket Midt-Norge vil ha heimel til "Etablering av nye anlegg for Kystverket og nødvendig drift av dei same anlegga."

Den Norske Turistforening støttar punkta om heimel for å gje løyve til opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper, samt bygging av bruer og klopper.

Riksantikvaren minner om at skjøtsel av automatisk freda kulturminne er heimla i kulturminnelova.

Fylkesmannen tilrår at ein innfører ein ny heimel for framføring av jordleidningar. Dette kan vere aktuelt i andre situasjonar enn ved nydyrking og vedlikehald av veganlegg, m.a. ved kabling av ulike liner. Tiltaket bør krevje søknad, for graving kan endre landskap og vegetasjon som pregar dette. Vidare ønskjer ein ei presisering av bygging av brygger gjeld både iland- og ombordstiging.

Fylkesmannen kan derimot ikkje tilrår nokon heimel for å bygge mikro- og minikraftverk i området. Vassdragsnaturen i området, der to av vassdraga også er varig verna, er eit viktig føremål med vernet.

Ut frå ein landbruksmessig ståstad vurderer fylkesmannen det som positivt at grunneigarane kan utvikle nye næringer og få fleire bein å stå på.

Frå ein miljøvernemessig synsstad vil slike tiltak kunne skade verdiane i desse vassdraga, og dermed også redusere fundamentet for både landskapsvern og verdsarvstatus. Slike anlegg kan også medføre terrenginngrep som vegar. Ein eksplisitt heimel vil vere eit feil signal. Fylkesmannen tilrår at ein vurderer å bruke dispensasjonsheimelen i forskrifta dersom det av beredskaps-, forsynings- eller andre særlege samfunnsmessige omsyn skulle vere aktuelt å gjennomføre eit slikt tiltak.

Fylkesmannen tilrår ikkje ein heimel for å bygge nye hytter i fjellet ut over det som gjeld driftsbygningar i landbruket. Områda er forvalta som LNF-område i dag, utan reglar om spreidd busetnad. Dispensasjonspraksisen i kommunane er etter måten restriktiv. Ein bør finne plassering for slike utleiehytter utanfor verneområdet, evt. i soner der ein alt har ein utbyggt infrastruktur med veg, setrer, hytter og andre bygg.

Landbruks- og matdepartementet meiner det er viktig å utnytte potensialet for næringsutvikling i verneområdet så lenge det ikkje er i strid verneførmålet. I eit område som Geiranger – Herdalen bør forskrifta og eventuelt forvaltninga kunne ta høgde for det. Dersom gardsbruk vert lagt ned og eventuelt fråflytta, vil det vere vanskeleg å kunne vedlikehalde bygningar og areal og ein risikerer at dei viktige kulturlandskapa ein ønske å verne, gror att.

Direktoratet for naturforvaltning meiner at vern som landskapsvernområde vil kunne styrke grunnlaget for miljøbasert næringsutvikling i randområda. Det er viktig at verneverdiane vert sikra, samstundes som brukarar og næringsaktørar, under her miljøbasert reiseliv, ikkje skal påførast unødige restriksjonar.

Ein vil samstundes gjere merksam på at det er viktig for framtidig forvaltning å balansere omsynet til lønsam drift og utvikling av reiselivsnæringa og omsynet til å ivareta verneverdiane i området på lang sikt. DN meiner at planforslaget ikkje synes å vere til hinder for ei berekraftig utvikling av reiselivet i området, men ein vil presisere at bygging av nye anlegg og bygningar må skje utanfor verneområdet.

Ein gjer merksam på at bruksendringar krev søknad og løyve innhenta etter plan- og bygningslova. Forvaltningsplanen vil kunne gje utfyllande retningsliner om materialval og byggeskikk.

DN visar til at hyttebygging vil kunne endre landskapet sin karakter, og føre til auka ferdsel i sårbare område. Det kan såleis redusere verneverdiane knytt til vilt og landskapsbilde. Det vil berre unntaksvis vere aktuelt å føre opp bygningar til andre føremål enn landbruk. DN viser derfor til at det er mogleg å søke dispensasjon frå forbodet i forskrifta for slike tiltak. Husvære så som jakthytter, utleiehytter osv er ikkje å rekne for husvære i landbruket. Det visast her til omtala av dette i høve til LNF-områder i plan- og bygningslova, jf Miljøverndepartementet sine retningsliner til arealdelen av kommuneplanen, T-1225.

DN tilrår at det vert teke inn i forskrifta at det kan gis løyve til "etablering av nye anlegg for Kystverket".

Verneforskrifta er i første rekke meint å vere innskrenkande for å ta vare på verneføremålet. Standardformuleringa "opplistinga er ikkje uttømmmande" er difor nytta under forbodsregelen for å kunne stoppe framtidige skadelege tiltak som ein i dag ikkje kan ta høgde for. Å legge tilsvarende formulering også under "ikkje til hinder for"- og dispensasjonsreglane vil i stor grad opne virkefeltet for desse, og såleis undergrave den innskrenkande meininga med forskrifta.

Når det gjeld forvaltning og handsaming av saker knytt til kulturminne innanfor landskapsvernområdet, legg DN til grunn eit tett samarbeid mellom kulturminne- og naturforvaltningsstyresmaktene. Ein legg opp til at restaurering/istandsetting og skjøtsel knytt til både freda og ikkje freda kulturminne og til naturverdiane, skal skje på ein slik måte at både natur- og kulturminneverdiar blir ivareteke på ein best mogleg måte.

DN viser til fylkesmannen sine vurderingar og seier at bygging av mini- og mikrokraftverk ikkje er foreneleg med vern, og er i strid med verneføremålet pga vassdragsinngrep og anleggsarbeid. Ein visar og til at Geirangelva /Vesteråselva, Norddalsvassdraget og Bygdaelva alle er verna etter verneplan for vassdrag.

Dersom det skulle kome fram planar for bygging av mini- mikrokraftverk må det søkjast dispensasjon både etter vassressurslova og naturvernlova.

Miljøverndepartementet viser til at det kan tillates turist- og næringsaktivitetar i verneområdene så lenge aktivitetane ikkje går ut over dei rammene som verneforskrifta set. Elles støtter departementet DN sine vurderingar.

Departementet har endra punkt 1.3 d) i § 3 *restaurering av kulturminne/kulturmiljø* til *restaurering eller istandsetting av kulturminne/kulturmiljø*. Dette fordi istandsetting i visse høve er meir aktuelt enn restaurering.

Dersom det i framtida viser seg mogleg å etablere oppdrettsanlegg som ikkje kjem i konflikt med føremålet med vernet, vil det kunne gjevast løyve til slike tiltak etter den generelle unntaksparagrafen i forskrifta (§ 4). Omsynet til Regjeringa sin søknad om å få området inn på UNESCOs verdsarvliste er avgjerdande for denne løysinga.

Havbeite skal likevel kunne drivast i den mon det ikkje krev installasjonar som kjem i konflikt med verneføremålet, jf § 3 pkt 3.4..

Fiskeri- og kystdepartementet forutset vidare at det ved behov for akutte tiltak knytt til etablering av navigasjonsinfrastruktur, må desse kunne etablerast raskt, og at vernestyresmakta vil bli informert i ettertid. Miljøverndepartementet har ikkje innvendingar mot dette.

2 Plantelivet

Geiranger Bondelag, Eidsdal og Norddal Bondelag, Møre og Romsdal Bondelag med støtte frå Norges Bondelag vil tilføye "Hogst av ved til eige bruk er tillate" og endre "Skogsdrift kan skje i medhald av plan som er godkjent av forvaltningsstyresmakta". Dei vil ta retningslinene for ein plan for skogsdrift frå forskrifta, og overføre dette til forvaltningsplanen.

6 grunneigarar meiner vedhogst bør verte tillate utan omstendelege søknader. Naturvernforbundet i Møre og Romsdal og Norges Naturvernforbund vil ha formuleringa om at etablering av ny skog "skal" skje ved naturleg forynging, og ved evt. suppleringsplanting må ein berre bruke stadeige materiale.

Planteforsk ønskjer ei meir offensiv tilnærming til attgroing enn det formuleringa "Beiting er tillate" syner.

Stranda kommune vil ha inn eit nytt punkt: "Skogbruk i samsvar med skjøtselplan godkjent av forvaltningsstyresmakt."

Fylkesmannen tilrår ingen endringar. Retningslinene for plan for skogsdrift er generelle og treng å bli presisert i ein forvaltningsplan. Fylkesmannen tilrår ikkje at forslaget frå Stranda kommune om unntak for skogbruk etter skjøtselplan, vert teke til følgje. Tiltak som treslagsskifte, større flatehogstar og vegbygging kan endre landskapet sin art eller karakter. Det er også naturleg å sjå forholda knytt til skogskjøtsel under punktet om planteliv.

DN viser til at det i mange område er behov for/ønske om meir intensiv bruk av utmarka til beiting. Forvaltningsstyresmakta kan ikkje pålegge nokon å auke deira beiteverksemd, men slike problemstillingar må diskuterast i ein forvaltningsplan for området. Sjå også kommentarar ovanfor.

DN viser til at skogbrukverksemd skal skje i medhald av plan som er godkjend av forvaltningsstyresmakta. Ein slik hogstplan kan vere ein enkel forklarande plan, der omsyn til området miljø- og landskapskvalitetar skal leggst til grunn. Her kan det t.d. avmerkast kva slags område ein skal hogga i og i kva slags område ein ønskjer å spare/la vere utan hogst i denne omgang.

Denne planen vil vere meir fleksibel og direkte tilpassa dei einiskilde områda enn ein forvaltningsplan er. Skogsdrifta skal legge til rette for bevaring av skogens biologiske mangfald, eit variert og fleirsjikt skogsbilde – og eit stabilt landskapsbilde. Naudsynt motorisert ferdsel bør avklarast i planen. DN tilrår fylkesmannen sitt forslag på dette punktet.

Miljøverndepartementet sluttar seg til DN sine vurderingar. Departementet vil elles peike på at skogsdrift lett kan endre landskapsbiletet på ein negativ måte, og det av den grunn må utvisast varsemd ved slik drift.

3 Dyrelivet

Fiskeridirektoratet, Region Møre og Romsdal føreset at tradisjonelt fiske held fram som før etter Lov om saltvassfiske.

DN viser til at fangst og fiske i sjø er tillate etter saltvassfiskeleva.

Akvakultur

Tradisjonelle akvakulturanlegg med merdar eller bøystrekk for t.d. skjeldyrking i dei tronge fjordane Sunnylvsfjorden og Geirangerfjorden vil vanlegvis framstå som element som endrar landskapskarakteren og dermed vere i strid med verneføremålet. Havbeite utan synlege anlegg i overflata er tillate.

4 Ferdsel

Geiranger Bondelag, Eidsdal og Norddal Bondelag, Møre og Romsdal Bondelag med støtte frå Norges Bondelag vil ha eit tillegg til punktet om at Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til større idrettsarrangement, øvingar, teltleirar og annan omfattande eller skadeleg organisert ferdsel "når det ligg føre avtale med grunneigar".

Friluftslivets fellesorganisasjon er overraska at det kan gjevast løyve til "omfattande eller skadeleg organisert ferdsel." Punktet om skadeleg ferdsel må takast ut eller omformulerast til: "Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til større idrettsarrangement, øvingar, teltleirar og annan omfattande organisert ferdsel som ikkje strir mot verneformålet."

Fylkesmannen tilrår å endre forskrifta i samsvar med FRIFO si fråsegn, medan bondelaga sitt innspel ikkje blir teke inn. Her føreset fylkesmannen at friluftsløva sine reglar også kan nyttast, og tykkjer det er unaturleg å regulere forhold mellom partar etter verneforskrifta.

DN viser til at friluftsløva og anna lovverk gjeld også innanfor verneområdet. Grunneigar skal t.d. kontaktast ved arrangement og ein treng også grunneigars løyve til motorisert ferdsel på denne sin grunn. Direktoratet endrar forskriftspunktet om ferdsel til standard mal for denne type område. "Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for tradisjonell turverksemd til fots i regi av turistforeiningar, skular, barnehagar, ideelle lag og foreiningar. Anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyremakta, jf forvaltningsplan".

Miljøverndepartementet vil streke under at formuleringa "... som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve.." ikkje inneber at forvaltningsstyremakta

skal tillate aktivitetar som går ut over føremålet med vernet. Tvert om, så er formuleringa meint for å halde oppsyn med at aktivitetane i verneområdet er innafør rammene av forskrifta.

Departementet ser det vidare som viktig å praktisere regelen om ferdsel i samsvar med dei retningslinjer om bruk, vern og verdiskaping i fjellområde som følgjer av St.prp. nr. 65 (2002-03) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2003* og Innst. S. nr. 260 (2002-2003). Her leggjast det vekt på at det er eit potensial for økt miljøtilpassa turismessig bruk av fjellområda og at det særøigne ved verneområda gjer at desse vil kunne verke som "trekkplaster" for turistar og dermed gje kommunane eit ekstra føremon når det gjeld reiseliv.

Dette inneber at organisert tradisjonell turverksemd til fots skal vurderast på same måte enten tiltaket er av kommersiell eller ikkje-kommersiell karakter. I den praktiske forvaltninga vil det blant anna innebere at private selskap og andre næringsaktørar uhindra av vernet kan gjennomføre tradisjonell turverksemd til fots så lenge dette går føre seg innafør dei rammene som verneforskrifta set.

5. Motorferdsel

5.2 – *Forbødet i punkt 5.1 gjeld ikkje:*

Fiskeridirektoratet, Region Møre og Romsdal føreset at sjøtrafikk skal forvaltest etter *Lov om hamner og farvann m.v.*

Norges vassdrags- og energidirektorat vil ha unntak for naudsynt motorferdsel ved drift og vedlikehald av kraftliner i området.

Fylkesmannen tilrår å ta inn ein heimel for "Motorferdsel i samband med drift og akutt vedlikehald av kraftliner." Dette vil kunne dekke daglege driftsoppgåver og akutte tiltak ved utfall og andre feil. Motorferdsel i samband med planlagd vedlikehaldsarbeid bør omsøkast og vurderast nøyare.

DN tilrår å ta inn i punkt 5.3 i forskrifta at forvaltningsstyremakta kan etter søknad gi løyve til "naudsynt transport ved drift og vedlikehald av kraftanlegg. Ved akutte behov for slik transport, utan at det er gitt løyve, skal det sendast melding." Det presiserast her at løyve kan gjerast gjeldande for fleire år av gongen.

DN presiserar at verneføresegnene ikkje er til hinder for bruk av motorbåt på fjorden.

Miljøverndepartementet sluttar seg til DN sitt forslag.

5.3 – *forvaltningsstyremakta kan gje løyve til:*

Bergvesenet vil ha inn eit nytt punkt "Prøveboring og etablering av naudsynte luftesjakter i samband med underjordisk drift av mineraluttak med uttaksstad utanfor verneområdet."

Riksantikvaren vil ha heimel for motorferdsel i samband med skjøtsel av kulturminne.

Fylkesmannen tilrår å endre heimelen til "Transport av materialar og utstyr til vedlikehald og byggearbeid på anlegg, bygningar, kulturminne, klopper o.l." Dette vil fange opp vedlikehald på anlegg og kulturminne meir presist enn det som var tilfelle på høyringsframlegget. Vidare støttar ein framlegget frå Bergvesenet.

DN støtter at fylkesmannen opnar for transport til anlegg kan gis. Når det gjeld kulturminne meiner DN at dette er dekke under "anlegg og bygningar", og at ein difor ikkje treng ny heimel til dette.

DN vil presisere at når det gjeld motorisert ferdsel på vatn som er mindre enn 2 km² må dette også ha dispensasjon frå lova om motorferdsel.

Miljøverndepartementet er samd med DN i at gjeldande formulering gjev tilstrekkeleg heimel for motorferdsel i samband med skjøtsel av kulturminne. MD støtter elles DN si vurdering. Nærings- og handelsdepartementet opplyser at det ved ein inkurie er brukt omgrepet "uttaksstad" under punktet om "Prøveboring og etablering av ..." i staden for "inngang". Dette er retta opp i forskrifta.

6 Forureining

DN har under *Forureining* foreslått denne ordlyden:

"6.1 Forbud mot forureining

Forsøpling og bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet er forbode.

6.2 Avfall

Avfall skal takast med ut av området.

6.3 Støy

Unødvendig støy er forbode. Det er ikkje tillate å bruke motor på modellfly, modellbåt o.l."

Miljøverndepartementet har endra desse punkta til:

"6.1 Forureining og forsøpling er forbode samt bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet.

6.2 Unødvendig støy er forbode. Eksempel på dette er motor på modellfly og modellbåtar. Lista er ikkje uttømmende."

DN sitt punkt 6.2 er teke ut ettersom innhaldet her blir dekt opp av pkt 6.1.

§ 5 Forvaltningsplan

Storfjordens Venner og Fortidsminneforeninga, Sunnmøre meiner forvaltningsplanen er viktig.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal meiner ein god forvaltningsplan vil stimulere til gode verknader.

Geiranger Bondelag, Eidsdal og Norddal Bondelag, Møre og Romsdal Bondelag med støtte frå Norges Bondelag vil at forvaltningsplanen skal godkjennast av fylkesmannen i staden for DN m.a. sidan området omfattar berre to kommunar i same fylket.

Norrdal Reiselivslag ønskjer at arbeidet med forvaltningsplan burde ha kome lengre.

Fylkeslandbruksstyret meiner forvaltningsplanen må rullerast ofte.

Norges Bondelag understrekar at forvaltningsplanen vert viktig og vil at arbeidet med forvaltningsplan skal starte umiddelbart, i eit samarbeid med landbruksnæringa og lokalt reiseliv. Ein bør kople inn Norges Bondelag sitt prosjekt om landbruket i verneplanarbeidet.

Planteforsk seier at kartmaterialet til Storfjordprosjektet burde brukast til utarbeiding av forvaltningsplan.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er samd i at forvaltningsplanen er viktig, og vil starte arbeidet i 2004 dersom det føreligg ressursar til dette.

Landbruks- og matdepartementet meiner det er heilt naudsynt at det sikrast stor grad av lokal innverknad og medverknad i forvaltning av verneområdet, særskilt i samband med utarbeiding av forvaltningsplan og i eventuelt rådgjevande utval. I utgangspunktet må ein rekne med at det vil vere aktuelt med utvikling av næringsverksemd i kombinasjon mellom landbruk og reiseliv/turisme. I samband med arbeidet med forvaltningsplan kan det skapast arenaer der ein også drøftar kva for retningslinjer slike verdiskapingstiltak bør skje under.

DN viser til at ein forvaltningsplan er eit praktisk hjelpemiddel til å oppretthalde og fremme verneformålet. Planen skal gje konkrete retningslinjer om bruk, informasjon, skjøtsel og eventuell tilrettelegging m.m., og skal sikre forvaltningsstyremakta ein samla oversikt over aktuelle tiltak innan eit verneområde. Forvaltningsplanarbeidet skal startast opp i 2004. Alle relevante aktørar bør trekkast inn i dette arbeidet.

Direktoratet er godkjenningmynde for forvaltningsplanar knytt til store verneområde.

Miljøverndepartementet støttar DN si beskriving og oppmodar kommunane til å samarbeide for å få til ein god og einskapleg plan.

§ 6 Forvaltningsstyresmakt

Ein felles uttale frå 6 grunneigarar viser til at dei vil ha lokal forvaltning der m.a. lokale bondelag er med.

Norrdal kommune og Stranda kommune ønskjer kommunal forvaltning med ressursar til å gjennomføre dette.

Geiranger Bondelag, Eidsdal og Norrdal Bondelag, Møre og Romsdal Bondelag med støtte frå Norges Bondelag meiner "Kommunane bør opprette eit forvaltningsorgan med representantar for grunneigarane peika ut av lokale bondelag. Utvalet bør ha avgjerande mynde, og ikkje vere rådgjevande slik fylkesmannen gjer framlegg om." Dei ser det som kostnadseffektivt om "forvaltninga vert lagt til kontor som alt driv naturforvaltning slik som landbruks- og næringskontor i kommunane." I samband med vern og verdsarvstatus bør Miljøverndepartementet setje av betydelege ressursar til ein miljø- og ressursplan for Geiranger-Herdalen.

Fortidsminneforeninga, Sunnmøre er skeptiske til lokal forvaltning av dette område som går over to kommunar pga. evt. kryssande interesser kommunane

imellom og i lokalmiljøet. Det kan vere vanskeleg å finne tilstrekkeleg kompetanse i små samfunn.

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal tilrår at forvaltninga skjer i tett samarbeid mellom grunneigar og lokalbefolkninga elles, og lokale og sentrale styresmakter. Kommunale ønskje om å bli forvaltningsstyresmakt må innfriast, og det offentlege må betale alle kostnader med kommunalt forvaltningsansvar.

Fylkesmannen er generelt positiv til kommunal forvaltning av landskapsvernområdet. Dette vil krevje at det vert sett av kompetanse og tilstrekkelege ressursar til arbeidet.

DN er innstilt på å overføre formell mynde for landskapsvernområdet til Stranda og Norddal kommunar, dersom kommunane ønskjer dette. Dersom kommunane ikkje er interessert, vil DN tilrå at fylkesmannen i Møre og Romsdal vert forvaltningsstyremakt. Då fylkesmannen og fylkeskommunen i Møre og Romsdal er i gong med eit prøveprosjekt som einskapsfylke, vil det difor i prøveperioden vere fylkesdirektøren som eventuelt vert mynde.

Miljøverndepartementet gir sin tilslutning til DN sitt syn. MD ser det som ein fordel at området får lokal forvaltning ut frå verdien av lokalkunnskap og nærleik til verneområdet.

§ 7 Rådgjevande utval

Norddal Reiselivslag ønskjer eit rådgjevande kontaktorgan for forvaltninga. Geiranger Bondelag, Eidsdal og Norddal Bondelag, Møre og Romsdal Bondelag med støtte frå Norges Bondelag vil at eit utval skal ha avgjerande mynde, og ikkje vere rådgjevande.

Riksantikvaren er positiv til eit rådgjevande utval der regional kulturminnestyremakt bør vere representert.

Fylkesmannen vil tilrå eit breitt samansett utval frå begge kommunane, der også andre brukarinteresser enn dei landbruks- og grunneigarbaserte, er representerte.

DN meiner at det kan vere føremålstenleg å opprette eit rådgjevande utval for forvaltning av verneområda. Eit slikt utval vil ikkje ha formell mynde for forvaltninga av verneforskriftene, men vil kunne gje nyttige råd til forvaltningsstyremakta. Det er viktig at lokalsamfunnet trekkast aktivt med, og oppretting av eit rådgjevande utval vil vere eit av fleire tiltak i denne samanhengen. Direktoratet vil difor anbefale at det opprettast eit rådgjevande utval så raskt som mogleg etter eit eventuelt vernevedtak.

Miljøverndepartementet sluttar seg til direktoratet si tilråding.

§ 8 Ikrafttreding

Geiranger Bondelag, Eidsdal og Norddal Bondelag, Møre og Romsdal Bondelag med støtte frå Norges Bondelag uttalar at vernet ikkje bør bli vedteke før forvaltnings- og skjøtselsplanar ligg føre.

DN seier at høyringsdokumentet tek vare på noko av dette, men ofte kan det òg vere ein fordel at eit utkast til forvaltningsplan ligg ved verneplandokumentet når planen er på høyring, slik at ein lettare kan sjå korleis praktiseringa av forskrifta er tenkt. Samstundes kan ikkje forvaltningsplanen heilt ferdigstillast før vernetidspunktet då det kan skje endringar i forskrifta og vernegrensene.

Miljøverndepartementet støttar DN. Forskrifta vil kome til å gjelde frå det tidspunkt saka blir vedteke i statsråd.

Miljøverndepartementet

tilrår

Forskrift om vern av Geiranger - Herdalen landskapsvernområde fastsettes i samsvar med vedlagte forslag (vedlegg 1).

Miljøverndepartementet

tilrår

Forskrift om vern av Geiranger - Herdalen landskapsvernområde fastsettes i samsvar med vedlagte forslag (vedlegg 1).

Forskrift om vern av Geiranger-Herdalen landskapsvern- område i Stranda og Norddal kommunar Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved kgl. resolusjon av 8.10. 2004 i medhald av lov av 19. juni 1970 nr 63 om naturvern § 5 og § 6, jf. §§ 21, 22 og 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Landskapsvernområdet omfattar følgjande gnr/bnr:

Norddal kommune: 37/1, 37/2, 37/3, 37/4, 37/5, 37/6, 37/7, 37/8, 38/1, 42/1, 43/1, 44/1, 44/3, 45/1, 46/1, 47/1, 47/2, 47/3, 49/1, 49/2, 49/3, 49/4, 49/5, 49/7, 49/8, 48/9, 49/10, 49/11, 49/12, 49/13, 49/14, 49/21, 50/1, 50/2, 51/1, 51/2, 51/3, 52/1, 52/2, 52/3, 52/4, 52/5, 52/6, 53/1, 53/2, 53/3, 53/4, 53/5, 53/6, 53/7, 53/8, 53/9, 54/1, 54/2, 54/3, 54/4, 54/5, 61/1, 61/2, 61/3, 61/4, 62/1, 62/2, 62/3, 63/1, 63/2, 63/3, 63/4, 63/5, 64/1, 64/2, 64/3, 64/4, 64/19, 65/1, 65/2, 65/3, 65/4, 65/5, 65/6, 65/7, 66/1, 66/2, 66/3, 66/4, 67/1, 67/2, 67/3, 69/1, 69/2, 69/3, 69/4, 69/5, 69/6, 69/7, 69/8, 69/9, 70/1, 71/1, 71/2, 72/1, 72/2, 72/3, 72/7, 73/1, 73/2, 73/3, 73/4, 73/5, 73/6, 73/7, 73/8, 74/1, 75/1, 75/2, 75/3, 75/4, 76/1, 76/2, 76/3, 77/1, 78/1, 78/2, 79/1.

Stranda kommune: 11/1, 12/1, 59/1, 59/3, 59/4, 59/6, 60/1, 60/2, 60/4, 60/6, 64/1, 64/2, 64/3, 64/4, 64/5, 64/6, 64/7, 64/8, 64/9, 64/10, 65/1, 65/2, 65/3, 65/4, 65/5, 65/6, 92/1, 93/1, 93/3, 94/1, 94/2, 95/1, 95/2, 96/1, 96/2, 97/1, 98/1, 98/2, 99/1, 99/2, 100/1, 100/2, 100/3, 101/1, 101/2, 101/3, 101/4, 102/1, 103/1, 103/2, 104/1, 104/2, 105/1, 106/1, 106/2, 106/3, 107/1, 107/2, 108/1, 109/1, 109/2, 110/1, 111/1, 111/2, 111/7, 112/1, 112/2, 112/3, 113/1, 113/2, 114/1, 114/4, 114/11, 115/1, 115/2, 116/1, 116/2, 116/3, 117/1, 117/2, 117/5, 118/1, 118/2, 118/3, 118/12, 119/1, 119/2, 119/3, 119/4, 119/5, 119/6, 119/11, 119/12, 119/13, 119/14, 120/1, 120/2, 120/3, 120/4, 120/5, 120/11, 120/18, 120/24, 121/1, 121/2, 121/3, 121/4, 122/1, 122/2, 122/3, 122/4, 123/1, 123/2, 123/5, 124/1, 124/2, 125/1, 125/2, 125/3, 125/4, 126/1, 127/1, 127/2, 128/1.

Landskapsvernområdet dekker eit areal på ca. 498 km².

Grensene for landskapsvernområdet går fram av vedlagte kart i målestokk 1:50.000, datert Miljøverndepartementet oktober 2004.

Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskriftene m/kart skal oppbevarast i Stranda og Norddal kommunar, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 FØREMÅL

Føremålet med opprettinga av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde er å:

- Ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt og variert plante- og dyreliv.
- Ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- Ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

§ 3 VERNEFØRESEGNER

1. Inngrep i landskapet

1.1 Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av bygningar eller anlegg, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av steinar, mineral og fossil, fjerning av større steinar og blokker, drenering og anna form for tørrelegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar, løyper o.l. Kulturminne skal ikkje skadast eller øydeleggjast. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Forvaltningsstyresmakta avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) drift og skjøtsel av bygningar, anlegg og andre innretningar
- b) vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i medhald av forvaltningsplan, jf. § 5
- c) drift og skjøtsel av jordbruksareal og setervollar
- d) anlegg av sanketrøer og nødvendig gjerding
- e) vedlikehald av eksisterande vegar
- f) drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegganlegg. Bruk av motorisert transport krev særskilt løyve, jf. Pkt. 5.3
- g) nødvendig istandsetting av energi- og kraftanlegganlegg ved akutt utfall. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendes melding til forvaltningsstyresmakta
- h) oppgradering/fornyng av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linjetverrsnitt når dette ikkje medfører vesentlege fysiske endringar i forhold til verneformålet
- i) drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- a) ombygging og utviding av eksisterande bygningar

- b) gjenoppføring av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade
- c) oppføring av driftsbygningar for landbruksverksemd
- d) restaurering eller istandsetting av kulturminne/kulturmiljø i samsvar med forvaltningsplan, jf. § 5
- e) bygging av bruer og klopper
- f) bygging av brygger for iland- og ombordstiging
- g) omlegging og opprusting av eksisterande vegar
- h) nydyrking og beitekultivering
- i) framføring av jordleidningar
- j) uttak av sand og grus til eige bruk
- k) opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper
- l) prøveboring og etablering av naudsynte luftesjakter i samband med underjordisk bergverksdrift med uttaksstad utanfor verneområdet
- m) oppføring av nye anlegg, flytting av anlegg, og tilbygg til eksisterande anlegg for Kystverket
- n) etablering av landfeste for fortøyningar av merdanlegg som ligg i Norddalsfjorden og Tafjorden
- o) oppgradering/fornyng av eksisterande kraftleidningar som ikkje faller under punkt 1.2
- p) nye kraftleidningar. Etter søknad kan løyve gis om planlagde anlegg ikkje er i direkte konflikt med verneforskrifta.

2. Plantelivet

2.1 Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Innføring av nye planteartar er forbode.

2.2 Beiting er tillate.

2.3 Skogsdrift og uttak av ved skal skje i medhald av eigen plan som er godkjent av forvaltningsstyresmakta. Ein plan skal normalt byggje på følgjande retningslinjer:

- lukka hogstformer bør nyttast
- eventuelle hogstflater skal ikkje overstige 3 daa
- områder som vesentleg pregar skogbiletet skal bevarast
- bekkedalar, urskogslommer, koller og skogsfugleikar skal bevarast
- bestand med edellauvskog og areal med fuktskog skal ikkje hoggast ut
- etablering av ny skog skal helst skje ved naturleg forynging
- ved behov kan suppleringsplanting nyttast.

3. Dyrelivet

3.1 Jakt er tillate etter viltlova.

3.2 Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskelova.

3.3 Fangst og fiske i sjø er tillate etter saltvassfiskelova.

3.4 Havbeite utan synlege anlegg i overflata er tillate.

4. Ferdsel

4.1 All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

4.2 Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for tradisjonell turverksemd til fots i regi av turistforeiningar, skoler, barnehagar, ideelle lag og foreiningar.

Anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyremakta, jf forvaltningsplan etter § 5.

4.3 Innafor nærmare avgrensa delar av landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan være til skade for naturmiljøet.

4.4 Reglane i punkt 4 gjeld ikkje nødvendig ferdsel i samband med militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyremakta.

5. Motorferdsel

5.1 Motorferdsel er forbode på land og i vatn.

5.2 Forbodet i punkt 5.1 gjeld ikkje:

- a) motorferdsel ved militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyremakta
- b) bruk av motorbåt på Geirangerfjorden og Sunnylvsfjorden
- c) motorferdsel på og ved innmark i samband med drift av jordbruksareal
- d) bruk av beltegåande elgtrekk
- e) bruk av båt med motor i samband med fiske i innsjø større enn 2 km²
- f) motorferdsel i samband med skogsdrift som er tillate etter pkt. 2.3
- g) motorferdsel på vegar som er avmerka/godkjent i forvaltningsplan, jf. § 5
- h) motorferdsel i køyrespor frå RV 63 til Kolbeinsvatnet for drift av kraftanlegg.

5.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av båt med motor, beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy i samband med:

- a) øvingsverksemd, jf pkt 5.2.a)
- b) husdyrhald
- c) storviltjakt, jf. pkt. 3.1
- d) fiske, jf. pkt. 3.2
- e) transport av varer inn til hytter og stolar
- f) transport av materialar og utstyr til vedlikehald og byggearbeid på anlegg, bygningar, klopper o.l.
- g) oppkøyring og preparering av skiløyper og skibakkar
- h) prøveboring og etablering av naudsynte luftesjakter i samband med underjordisk bergverksdrift med inngang utanfor verneområdet

- i) naudsynt transport ved drift og vedlikehald av kraftanlegg. Ved akutte behov for slik transport, utan at det er gitt løyve, skal det sendast melding.

6. Forureining

- 6.1 Forureining og forsøpling er forbode samt bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet.
- 6.2 Unødvendig støy er forbode. Eksempel på dette er motor på modellfly og modellbåter. Lista er ikkje uttømmande.

§ 4 GENERELLE DISPENSASJONSFØRESEGNER

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå bestemmingane når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje strir mot føremålet med vernet.

§ 5 FORVALTNINGSPLAN

Forvaltningsstyresmakta kan iverksette tiltak for å fremme føremålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.v. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

§ 6 FORVALTNINGSSTYRESMAKT

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt for landskapsvernområdet.

§ 7 RÅDGJEVANDE UTVAL

Det kan opprettast eit rådgjevande utval for forvaltninga av landskapsvernområdet.

§ 8 IKRAFTTREDING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Forvaltningsstyresmakta
for landskapsvernområdet

Søren Kristoff

